Fraa By og Bygd.

Tidskrift

aat

Vestmannalaget.

III.

Bjørgvin.
Hjaa Ed. B. Giertsen.
1871.

1038
X r058.1
F841
1871
1el

Prentad hjaa Georg Grieg.

Um Kunnskapar og Daning.

Umskrift av eit Fyredrag, haldet i Vestmannalaget av Georg Fasting.

Dan veksande Upplysningi i vaar Tid, dan uhorvelege Mengd med Kunnskapar, som ho eig, er nokot, som Tidi ikkje berre jamt røder um, men som ho, so at segja, gjerer seg til av. Tidi er i detta Stykket lik dan rike Mannen, som ikkje trøyteſt av at visa fram sine Skattar; — desse Speglar, denne Husbunad, desse Kruser skal ein jamt og samt sjaa og bisna paa. Um han heve nokor Gleda av denne Rikdomen er dat ingen, som spyrr etter, nog er dat — detta eig han, detta er hans. Jamvel um dat er Ting, som bera Vitne um hans Vanhelsa og hans Verk, — denne Krotsaum, som han kviler sitt livstrøytte Hovud paa, dette Slipeglas, som han tek sin Lækjedrykk av, — han lyt røda um dat, han lyt visa dat fram. Soleides ogso med Tidi, naar ho talar um sine Kunnskaps-Skattar.

Heve ho havt nokot godt av deim? Er ho vordi lukkelegare ved deim? Er ho vordi fagrare, betre? Um alt slikt er dat inkje Tale; dat er berre Tale um detta: — ho er rikare paa Kunnskap en nokor onnor Tid. Kor mange Kunnskapar nyttar ikkje Tidi til at fullkomengjera sine Fortjoningsvaapn — ja ho lid Skade ved dat, men ho er stolt av deim likavel; ho lid, men kor myket veit ho ikkje!

Midt under denne høgmælte Lovtalen av Upplysningi hjaa Tidi kjem dat ofta fram hjaa meg eit litet Spursmaal: Men kvat gagnar no sidstpaa all denne Upplysningi til, kvat er hennar endelege Fyremaal? Og detta Spursmaalet skulde eg meina er baade eit sjølvgjevet og rettgjevet Spursmaal. Vil nokon kann henda segja, at dat er eit upraktiskt Spursmaal? Ja, dat er so rart dat, som Folk i vaare Dagar kalla praktiskt; dat vil i mange Tilfelle berre segja: dat som er nyttugt i Dag, men ikkje i Morgon, — fyre meg, men ikkje fyre andre. Dat plagar daa elles vera praktiskt at spyrja um Gagnet og Fyremaalet av ein Ting. Og soleides maa vel ogso dat vera eit praktiskt Spursmaal: Kvat Gagn heve — i Sanning og sidstpaa — Mannen av Kunnskapar.

Underlegt nog heve ein ikkje brytt seg so med detta Spursmaalet, som ein etter min Meining skulde hava gjort. Detta tarv daa ikkje uroa oss elder faa oss til at tvila paa at me gjera rett, naar me vyrda Kunnskaparne og tileigna oss deim.

Dat er mangt, som me gjera av ei rett Drift, utan at me vita, kvat dat er me i Røyndi gjera. Vaart likamlege Liv kann giva oss mange Døme paa detta. Me taka Næring til oss, men dei fæste av oss ero gode til at greida ut Processen med Fødnaden. Me sveipa oss inn i varme Klæde, utan at kjenna Logjerna fyre Varmen; me draga Anden kvar Augneblink og vita likavel ikkje kvat Nytte detta heve i vaart Likamsliv. Kor som er — detta ynskja me at vita, og naar eitkvart verd ugreidt i vaar Likamshelsa, kven segjer oss daa, korleides ho kann verda god atter, utan just dei, som kjenna Logjerna fyre Fødnaden, fyre Varmen, fyre Andedraatten m. m. Paa same Maaten er dat med Upplysningi, denne Fødnadsproces aat Andelivet. Ein kunde segja, at Upplysningi kunde ganga si Leid og gjera sin Nytte utan at me rett skyna henne; men dat er no fyre dat fyrste nokot, som ein lyt ynskja at kunna skyna, og dartil er dat nokot,

som dat er reint naudsynlegt at kunna skyna, soframt ein skal hava nokor Trygd fyre, at Andelivet fær halda si Helsa, elder soframt Upplysningi skal kunna verda atterførd i rette Faret, um ho skulde vera komi avleides.

Dat er soleides mitt Spursmaal: Kvat er Meiningen elder Fyremaalet med Upplysningi elder Kunnskaparne?

Dat raader tvo Meiningar um Fyremaalet med Kunnskaparne, som baade paa sin Maate ero urette, og dei raada kvar i sin Ring. Kast detta Spursmaalet ut til dan store Mugen: Kvi læra de nokot, kvat vilja de med Kunnskapar? so vil Svaret verda: Eg lærer av di eg vil verda til nokot. Kunnskapar ero sjølvsagt naudturvelege, naar eg skal kunna fullføra mi Sysla, gjera mitt Arbeid. Detta læter no mykot vitugt, og likavel raader dat her ei stor Ugreida. Dat segjest, at ein lyt læra nokot, soframt ein skal kunna gjera sitt Arbeid. Men kvat skal ein læra? Lat oss til Dømes taka ein Skomakar. Kvat er dat i Røyndi som ein Skomakar tarv læra som Skomakar? Jau, eg tenkjer dat er at sauma Skor, fine og romlege; gjerer han detta til Fullkomenskap, so er han ein

ſtor Skomakar og kann verda ein velhalden Mann. Men læt han ſeg kann henda lita med denne Kunnſkapen, um me elles ſkulo kalla dan nemnde Idtrotten ein Kunnſkap? Nei, me venta at finna hjaa ein Skomakar ſume andre Kunnſkapar. Ein Kaupmann — kvat Kunnſkapar treng ein Kaupmann til ſom Kaupmann? Jau, han lyt kunna rekna, han lyt kunna Bokføring, han lyt hava godt Vit paa ſi Syſla, kjenna framande Maal kann henda, — men vaare Kaupmenner hava daa ogſo jamlegt lært myket annat. Ein Embættesmann, ein Preſt til Dømes, — ja me vita kvat ſom er Embættet til ein Preſt, han ſkal forkynna Sannings-Ordet, reſſa Syndarar og trøyſta dei angerfulle; men er dat *detta*, ſom han lærer paa Latinſkulen? Er dat detta, ſom han giv Prøve paa ved Examen artium, Examen filoſoficum elder Examen teologicum? Lat oſs eingong ſjaa, kvat dat er ſom Folk vanlegt læra. Eg tenkjer no fyrſt paa dan allralægſte Lærdomen i Folkeſkulen. Ja, dar læra dei no ſlett inkje at ſauma Skor, men darimot læra dei mangt annat, ſom inkje heve nokot med dan Ting at gjera, til Dømes at leſa, ſkriva, rekna, Saga kann henda, Naturhiſtoria o. ſ. f. Framfyre alt hava dei dar ei Læregrein, ſom er ſo

langt burte fraa Skomakararbeidet som nokon Ting kann vera, og dat er Religion. Kvat Vigt som Religionslærdomen enn kann hava, Skomakarar skapar han inkje. Dat er i Vissa ein stor Skilnad paa ein religiøs Skomakar og ein irreligiøs Skomakar, men Skilnaden er inkje sjaaande paa Skorne og kjem soleides ikkje Handverket ved, so at dat her greidt nog er ein Kunnskap, som inkje kjem til Nytte i hans Sysla. Og so alle dei andre Greiner, som verda lærde paa Skularne vaare. Saga til Dømes, — kvat Bruk fær ein i dei serskilde Livsstand fyre sine Kunnskapar i Saga? Ja, dat er sume, som tenkja so truhjartigt um Gagnet av Saga, at dei tru, at me av Fyredømi fraa Forntidi skulo læra, korleides me sjølve skulo fara aat. Men dat skal vandt kunna bera til, at me koma i dei same Tilfelle som Heltarne i Saga; detta kjem seg alt av di, at dei, som dat verd rødt um i Saga, vaaro st o r e Menner, men dei, som lesa Saga, ero jamlegt Smaafolk. Elder skulo me kann henda læra av Saga til Alexander, til Kolumbus, til Napoleon, korleides me skulo leita upp framande Jordbolkar elder hervinna framande Rike? Aa nei, slike Tilfelle vilja me knapt verda fyre i vaar Praksis. Men

no Matematiken! Sume hava dan Tanken, at Matematiken juſt er ein myket praktiſk Kunnſkap; men naar eg tek undan Reknekunſten, — ſom elles ikkje er Matematik i rett Meining — ſo er dat ingen Ting av dat, ſom verd lært paa Skularne vaare, ſom verd ſo litet brukat i dat daglege Livet ſom Matematiken. Ja, dat kann koma dat Tilfellet, at eg ſkal hava ei ny Aabreidſla til Golvet mitt, og um daa Golvet er eit Rektangel, ſo kann eg kann henda med Hjelp av min Skulematematik rekna ut, kor mange Kvadratalner eg treng um; men um eg inkje kunde dat, ſo vilde eg i Viſſa vera lika nøgd, for ſo kunde Snikkaren (elder kven dat er) rekna dat ut. Og kvat ſkulo me ſo ſegja um ſlika Læregreiner ſom Song og Gymnaſtik. Kven er dat vel, ſom brukar Song til ſina Syſlor? Syng Kaupmannen i ſi Skriveſtova? Syng Domaren i Retten? Ja, Preſten ſyng fulla fyre Altaret, men dat kunde no etter min Meining meſt vera dat ſame, — og dat er elles ikkje difyre han lærde at ſyngja paa Skulen, at han ſeinare ſkulde meſſa framfyre Altaret. Gymnaſtiken! Kven brukar Toygningar og Bøygningar, Sprett og Sprang i ſina Syſlor?

Eg trur ſoleides at hava viſat, at dan Tanken

inkje er haldande, at me tileigna oss Kunnskapar og Upplysning fyre di me hava Bruk fyre deim i vaart Livsstand, og at Tanken inkje er haldande av dan Orsak, at dat er minste Luten av slik Kunnskap og Upplysning, som er b r u k a n d e i Praksis.

Men eg vil tenkja meg, at detta Spursmaalet: „Kvat duger Kunnskapar, kvat duger Upplysning til", vardt framboret, inkje til dan store Aalmenningen, men til Vitenskapsmenner og lærde. Kvat vilde vel dei svara? Ja, dat er uvisst, um me daa fingo nokot Svar, for Spursmaalet er helder djervt. Vitenskapsmenner og lærde ero Storfolk; Vitenskapen er av Konungablod kann ein segja, og ein brukar ikkje at spyrja: Kvat duga Kongar til? Kongarne ero heilage og utan Aabyrgsla, og dan same Heilagskapen og Aabyrgsleløysa kunde dei vilja hevda fyre Vitenskaparne, fyre Upplysningi, fyre Kunnskaparne. Med andre Ord — fraa denne Sida kunde me faa høyra, at Kunnskaparne hava Verde i seg sjølve, at dat at hava Kunnskapar er i seg sjølvt eit Maal. Men denne Tanken læt seg ikkje fasthalda; eit Maal lyt alle Ting hava; dat at „Kunnskaparne hava sitt Maal i seg sjølve", dat kling som eitkvart, og er likavel inkjevetta.

Dat er soleides tvo Meiningar, som baade tvo

paa si Vis ero urette: at Kunnskaparne skulde hava sitt eigenlege Verde fyre dei praktiske Livsstand, og at dei skulde hava sitt Maal i seg sjølve. Korleides skal ein daa koma til dan rette Meining um, kvat Kunnskaparne duga til?

Sjølve dan Drift, som driv Mannsanden til at stunda etter Kunnskapar, utan at sjaa elder tenkja paa deira Bruk, visar betre en nokon annan Ting, at dei ero naudsynlege fyre Andelivet sjølvt. Anden krev Kunnskapar til at kunna liva. Deira eigenlege og sidste Fyremaal er ikkje at fremja einstaka Næringsgreiner, ikkje helder at liggja hjaa Mannen som ein daud Skatt, men at uppehalda Anden og dana honom. Difyre: her er Svaret paa dat Spursmaal, som eg heve boret fram: Maalet fyre Kunnskaparne er Daning.

Kvat er daa Daning, kvat er dat at vera ein danad Mann? Detta Ordet verd merkjelegt nog av mange seet paa med eit Slags Mistanke. De hugsa Smedsveinen i „Gjenboerne", som verd reint vill fyre dat at ein kallar honom ein danad Mann, „et dannet Menneske", som han tek fyre eit Skamord; men dat er ikkje berre „Smedsveinar", som hava slik Mothug mod detta Ordet, men mange,

som i Sanning ero danade Menner. Kvat er dat fyre nokot „danad", segja dei. Er dat kann henda at ganga i fine Klæde, liva stort og ingen Ting gjera? Er dat kann henda at vera lærd og duga til ingen Ting? Er dat at duga til mange Ting, men hava eit kaldt Hjarta og inkje agta korkje dat som er høgt elder heilagt? Kvat er dat i dat heile at vera ein „danad Mann"; dat er eit uklaart Ord; ein kann inkje greida ut, kvat dat er.

Jau, dat er myket godt at greida ut, kvat dat er. Ein skal berre ikkje vera for braadlynd og tru, at Folk bruka Ordet i annan Meining en dan, som dat i Røyndi heve.

Difyre — kvat er Daning?

Mannen er fødd med ei sereigi Natur, som syner seg i sereigna Naturgaavor. Me ero skapte med Likam og Saal, og hjaa Saali gjera me atter Skilnad imillom Vit, Kjensla, Tankesyn, Vilje. Men denne Naturi er ikkje samstundes kvat ho skal vera, men ho lyt verda danad til dat. Mannen sjølv er eit To, som skal verda danat til ein Skapnad, som jamt skal gjerast meir fullkomen. Likasom Bilæthoggaren danar (paa Tydsk „bildet") dan Skapnad, som han vil, so at han stend dar som ein fagert

formad Skapnad („ein Bild", darav „bildschön" = formfager), so skal og Mannen verda d a n a d, so at alle hans Givnadar hjelpast fram og med kvart faa kraftugare og fagrare Former. Gjeng detta fyre seg nokorlunda heilt og nokorlunda aalsidelegt, so er han paa denne Maaten d a n a d, ein danad Mann. Eg vonar, at Folk skulo giva meg Rett i, at Tanken med Ordlaget „danad Mann" paa denne Maaten verd baade klaar og greid. Dat same som „danad" segjer i Grunnen ogso Ordet „kultiverad", — „Daning" er dat same som „Kultur" — av dat latinske Ordet colere, at dyrka; „kultiverad" er dan, som heve d y r k a t si Natur. Detta Bilætet er teket fraa Plantelivet, medan dat andre greidt nog er teket fraa Bilæthoggarkunsten; Mannen verd i dat eine Tilfellet tenkt som ein Plante, i dat andre som eit plastiskt elder lettformande Emne. Me segja ogso „civiliserad"; darmed meina me i Grunnen dat, som somer seg fyre ein rett Borgar, ein Stormann, og dat høver næraste paa ein Mann med fin Framferd; Ordlaget er meint paa at høva til dan ytre Bragd, som daa verd teki som Merke paa indre Daning.

Etter dan Utgreiding, som her er gjevi av Mei-

ningen med Ordet „Daning“, er dat i Bissa ogso lett skynande, kvisyre Folk so ofta ero usambe um ein med retto kann kalla ein Mann ein „danad Mann“ elder ei. Fyre dat fyrste er no Daningi nokot, som skrid fram, og daa er dat alltid Grunn til at vera ueinige um Daningi er so langt framskridi hjaa dan einstake Mannen, at han med retto kann kallast danad. Dinæst heve Daningi si Vigt fyre ymsa Sidor hjaa Mannen. Naar soleides ein Mann er danad i ein Veg, men inkje i ein annen, kann han daa kallast danad? Detta Spursmaalet er sjølvsagt urimelegt, for ein lyt i detta Tilfellet gjera dat greidt, kvat dat er, som er danat hjaa Mannen. Naar tvo Veggjer i ei Stova ero maalade og tvo ero umaalade, so er dat sjølvsagt faavist at spyrja um Stova kann kallast maalad; for eg lyt daa segja dat med greide Ord, at tvo Veggjer ero maalade og tvo umaalade. Paa same Maaten: sofremt som ein Mann er langt framkomen i Vit, men inkje i Kjensla, so lyt eg segja dat, at han i dat, som vedkjem Vitet, er ein danad Mann, men udanad elder raa i dat, som vedkjem Kjensla; er ein Mann vel framkomen i dat, som høyrer baade til Vit og Kjensla og Tankesyner, og han darimot

heve vanrøktat sin Karakter, sitt Hjarta, sin Vilje, so segjer eg detta, at dat er ein udanad Karakter, men elles ein myket danad Mann. Helder ikkje maa dat føra vaar Meining av Lage, at sume alt av Naturi synaſt hava dei Fyremuner, som ein elles fær ved Daningi; for detta er ikkje annat en dat, som ein alltid verd var, dar dat er Tale um Naturgivnadar og Framvokſter. Dat kann i seg sjølv vera so goda Naturer, at dei med liti Daning driva dat fram til dat, som andre fyrſt med myki Daning naa til; men likavel verd Daning lika fullt Daning. Som sagt, dan som heve fenget alle sine Givnadar vel uppalne, han fær Namn av danad. Dat ſkil seg sjølvsagt ovlege myket, um Framvokſtren er aalsideleg, harmoniſk; for Jamvigt er Helsa. Jamne i Framvokſtren er Styrke; likavel lyt ein alltid vyrda dei ymſe Givnadar etter deira rette Verde. Dan som difyre heve ein god Vilje, ei kraftug Tankesyn, eit klaart Vit, ei varm Kjensla, han er danad; ja skal eg stadna her? Lyt eg ikkje segja vidare: som heve ein sterk og lidug Likam, som heve friske Sansar, som heve ein fin Likamsburd, som er tekkjeleg i Aatferd? Jau i Vissa — Likamen høyrer ogso med til Mannsnaturi og han lyt faa dan Framvokſter, som

han er før til, ikkje berre i Helsa, men ogso i alt dat, som fagert er, og dat er fullkomlege rett at draga nokot litet ifraa Daningi hjaa dan Mann, som er blautvoren og forkælt elder ter seg tungt og ufint.

Soleides er Daningi ein aalsideleg Framvokster av Mannsnaturi. Men korleides verd ein danad? Ja korleides kann dat verda paa annan Maate en ved at dei ymsefidnge Givnadar elder Krafter, som ero i Mannsnaturi, verda paaverkade av dei tilsvarande Krafter, som ero i Heimen utanfyre Mannen? Vitet utvidkast ved at faa med Ting at gjera, som høyra Vitet til; Kjensla verd finare ved at nøraſt av slike Ting, som verka paa henne; Karakteren vekser ved at koma i Lag med Karakterer o. s. f. Dat er eit To i Naturi, som kallaſt Demant, dat hardaſte av alle Ting i Naturi. Han læt seg inkje løysa upp og braadnar inkje i dan sterkaſte Glodhiten. Men naar ein leider honom inn i ein mykket sterk elektrisk Straum, so fær han ein ovlege sterk Glans, so ein inkje toler at sjaa paa honom med berre Augom; men skodar ein paa honom igjenom eit svortat Glas, so kann ein sjaa, at han verd umskapad og verd paa Skap som Koaks (utkokte Steinkol), som syner, at han er som annat

Kol=to. Likasom Demanten, so er Mannsnaturi. Ho er dat dyraste og dat verdlausaste etter som ein tek dat til. Og serlege detta — likasom Demanten lyt slipast i si eigi Duft, fyre di han er so ovlege hard, so lyt ogso Mannsnaturi paa ein Maate slipast i Manndom, danast ved Paaverknad av dan same Mannsanden.

No er soleides Spursmaalet: kvar finna me desse same Livskrafter? Dei finnast sjølvsagt i Verdi, i Mannslivet, og i Naturi, som ogso er i Skyldskap med vaar Ande. Difyre heiter dat ogso: Livet er ein Skule, — ja dat er „en fuldstændig Latin= og Realskole", som attpaa heve mange Slags „praktiske Klassar". Dar lærest Saga og dar lærest Geografi; dar lærest Matematik og dar lærest Maal; dar lærest Maaling og dar lærest Bilæthoggarkunst o. s. f. Dat er likavel nokot ved denne sokallade „Livsens Skule" — Lærdomen vil falla helder ujamn, dat vil segja, Livet giv ikkje stendigt nye Lærdomar. No vel, so samnar ein dei Lærdomar, som Livet heve gjevet fram etter Tiderna, so samnar og samanliknar og utgreider ein dat, som Menneskja i dei avlidne Tider heve lagt Merke til og tenkt ut, — detta er just Kunnskapar. Kunn=

skaparne ero soleides Essensen elder Logen, Krafti av Livet, eit Midel jamvel fyre dan mest eismalle Dalbue til at næra seg av Livsens Krafter. Paa Slettorna i dan Argentinske Republiken reika, som me vita, store Feflokkar i Kring, som mest kvar Mann kann raada yver. Naar no Kjøtprisarne stiga her heima, so tenkja me: naar me no kunde faa Fat i nokot av dat Feet, som dat er so godt um i Sudamerika, so skulde me vera hjelpne, men dat er lang Veg til Buenos Ayres, og dat er inkje gjerande. Men kvat er so gjerande? Jau, i Buenos Ayres taka dei etter Uppskrift av honom Liebig Krafti av Kjøtet og senda henne yver Havet i nokre smaae velkjende Krukkor, og med kvar ei av desse kann ein føda mest ein Her; og paa denne Maaten liva me daa av Ukfarne paa dei sudamerikanske Bidder. Paa same Maaten hava me ogso Nytten av dei Røynslor, som ero skilde fraa oss ved stor Undanmun i Tid og Rom; Røynslorna førast til oss igjenom Kunnskapar, som ero innlagde og ihoppersade i smaae lettføre, velkjende Ting, som me kalla — Bøker. Her finna me no paa ein vis Maate alle dei Emne, som Mannsanden sjølv er skapt av, og som soleides kann dana honom.

Ein kunde no spyrja: Korleides gjeng dat til, at Kunnskaparne kunna verka paa denne Maaten? For lika som Maten inkje nærer med dat at ein svelgjer honom, men han lyt verda umskift, soleides maa trulegt ogso Kunnskaparne faa ei liknande Umskaping elder Melting, og at greida ut denne Umskapingi av dei ymse Kunnskapar synest vera dat, som me no hadde at gjera. Fyrst daa kunde ein tala nokorlunda visst um, kvat Kunnskapar dat var, som ero dei vigtugaste, lika som ein stødt kann segja, at Kjøt er eit av dei mest nærande Matslag, av di dat giv dat meste Kvel-to til Likamen, som helst tarv Kvel-to til at liva. Men me ero her i Vissa komne inn paa ein myket vandsleg Veg, og eg heve ymse Grunnar til inkje at ganga lenger inn paa honom. Eg vil berre segja, at ein i Vissa kann vera for rædd av seg med Valet av Kunnskapar til si Daning, lika som mange ero for ræddvorne med at finna dei Matslag, som ero dei mest nærande. Kjøt skal vera dat mest nærande, men me sjaa ikkje annat en at Folk ogso trivast med Fisk. Dat heve voret myket Ovtru i detta Stykket, just av di at Folk hava rødt etter sine eigne Meiningar og inkje etter Ransakningar; dei hava teket Tingen „praktisk",

som dat ogso kallast, og inkje teoretisk. Kvar heve tykt best um dat, som han tilfellelege skynar best elder heve meste Bruken fyre. Soleides hava dei havt filologisk Ovtru og matematisk Ovtru og naturvitenskapleg Ovtru; — Livet syner, at gode Kunnskapar verka danande, av kvat Slag dei so ero, naar dei ero vel tileignade.

Kunnskapar ero soleides eit Midel til Daning. Men kvat Verde heve no ei slik Daning? Heve ho i dat heile nokot Verde?

Som me hava seet, ligg Daningi dari, at Manns-Givnadarne fremjast, ho ligg i Framvokstren av Sereigenskapen hjaa Mannen. Vil nokon spyrja, kvat Vigt detta heve, so kann han likaso vel spyrja um, kvat Vigt dat i dat heile heve at vera ein Mann. Men detta er eit Spursmaal, som dat her inkje kann verda svarat paa; for eg gjekk paa Fyrehandi ut fraa dan Meining, at dat inkje skulde vera nokor Tvil paa detta.

No, dat er mange, som just ikkje helder tvila paa detta, men som likavel dragast med ei onnor Tvil, som fær ei stor Vigt paa deira Uppfatning av Daning og Kunnskapar. For dei segja so: „denne Daningi, gjerer ho meg no ogso dugande fyre dei

ymse serskilde Tilstand i Livet? Eg skal daa hava ei viss Livsgjerning i Verdi; eg kann vel berre gagna Manns-Samfundet paa beste Maaten daa, naar eg gjerer meg dugande i mitt serskilde Kall; er dat daa ikkje best, at eg med all Magt freistar at tileigna meg dan Dugleiken, som verd krevd i mitt Kall?" No, denne Umsuti kann i seg sjølv kvila paa ein Grunntanke, som er Vyrdnad verd, men likevel er dat her ei stor Ugreida. Ein nokorlunda dugande Tenkjar vil soleides paa Staden sjaa, kor sjølvmotsegjande dat er, at vilja gagna Manns-Samlaget paa dan Maaten, at ein giv burt nokot av dat, som er til Æra og Prydnad fyre Mannen sjølv. Lat oss tenkja oss, at alle vilja arbeida paa at hjelpa Framvokstren av Manns-Samlaget paa dan Maaten, at dei vanrøktade sin eigen Manndom, dat menneskjelege hjaa seg sjølve; kvat Slags Framvokster skulde dat verda? Soleides kann ikkje nokot Kall, som bryt ned Manndomen, vera forsvarlegt. Men gjerer nokot rett Kall slikt? Langt ifraa! Tvertum! Kvart Kall er sjølvt eit Stykke Mannsliv, som sjølv ber med seg ein ny Kunnskap, som heve sin eigendomlege Friskleike just av dan personlege Røynsla. For ein kann segja kvat ein vil um

dan Liebigske Kjøtlogen, — utan at han fær ein Tilsetning av nokot friskt og grønt, er han inkje godsmakande, og soleides er dat ogso med dei boklege Kunnskaparne, dei turva ein Tilsetning av personleg Røynsla. Men er dat no so som eg segjer, at kvart Kall i Grunnen er eit Stykke Mannsliv, kor kunna me daa tvila paa, at ein verd gjord dugande til si Livsgjerning just ved at fremja alt dat menneskjelege hjaa seg sjølv? Dat er godt og vel, at ein heve detta Handelaget og denne Hagleiken og denne Tamen, — men i eit Kall, som er nokot litet vigtugt, vil dat inkje naa til; dar spyrst dat ogso etter dan dugande Mannen. Denne Maaten at sjaa Spursmaalet paa er dat daa, som giv dan aalmenne Daningi si rette Vigt imot dan Tanken, at ein skal driva fram dan høgste serskilde Dugleiken, so at Folk fraa fyrste Stundi lærast upp i serskilda Idtrotter. Nei, ein skal fyrst dana Ungdomen; dei unge skulo veksa seg til dugande Menner, og me faa inkje Gutarne til at veksa med at hala deim i Beini og draga deim i Haari. Men elles stend dan serskilde Daningi og Aalmanndaningi i dat beste Samhøve, lika som dan serskilde Kallsdugleiken ved at verka paa dei ymse Livstil-

stand gjerer deim finare og so i dat heile verkar tilbaka paa Aalmanndaningi, som daa paa denne Maaten verd Maalet fyre all Verksemd og Livsens sidste Fyremaal, og so lyt dat vera.

Verdet av Daningi er soleides inkje tvilande paa. Men Daning er Framvokster, og all Framvokster kann ganga i Mist, og helst naar Framvokstren er sterk, kann Sjukdomar leggjast paa. Sjaa her er fulla dan rette Orsaki til dat Mistykket, som sume Folk kjenna mot „Daning", „dei danade Klassar" o. s. f. Dat er ikkje vel moglegt, at Daningi skulde hava naatt eit visst Framstig, utan at dat skulde vera eitkvart skakt ved henne, som ein kunde klaga yver. Men er dat rett at lata slike Lyte ved Daningi, som ein inkje kann sleppa fyre, — so som Skort paa Samklang i Daningi, Usemja imillom Borgararne i Samfundet — er dat rett at lata deim kalla fram Mistru til Daningi sjølv elder større Hug paa dat Tilstandet, som er utan Daning? Ja, um ein ogso inkje kann bera Klagemaal paa Daningi, er dat jamvel mange, som lika honom mindre en dat Naturtilstandet, som ingi Daning er underlagt, fyre di at dette Tilstandet i Vissa heve ein Lit, som er friskare en dan, som Daningi heve. Men er dat

rett, at me av detta Inntrykk skulde kjenna Uvilje mot Daningi elder mislika henne? Dat er sant — alle Songarar syngja til Lov fyre Vaaren; men skal ein lasta paa Sumaren, fyre di han ikkje heve dei friske Vaarlitar, daa han elles er so fager og so rik, elder jamvel paa dan bleike Hausten, som giv oss dei mogne Frukterna? Er daa berre Knuppen fager, men ikkje Rosa, som heve opnat seg? Dat er Merke paa Trongsyn og Rædhug, at ein ikkje torer sjaa Framgangen beint i Augo. De vilja skyna forleides detta kann høva paa Framvokstren hjaa Folket. Eg heve dan Trui, at dei store Naturgaavor, som ein stundom tykkjest verda var hjaa Aalmugen, berre liggja i dan friskare Lit, som fylgjer med eit litet framkomet Stig, — rett lika som Knuppen alltid heve ein sterkare Lit en Rosa.

Ei onnor Sak er dat, at Daningi reint kann visna, — attpaa Hausten kjem dat full Vetter. Um Daningi visnar, so misser ho sitt Verde, men dat er merkande, at dat ikkje just er Daningi sjølv, som visnar, men dat er ei viss Form fyre Daningi, og lika som Vetteren lid av og Naturi yngjest upp atter, so fær Daningi snart ei ny Form, som daa verd raadande *i* Tid. Heile Saga sjaa me gjeng fram

i slike Danings- elder Kultur-Perioder. Dat kjem fram ei viss Form elder eit Slag av Daningi, men detta verd veikt, stinnt og kraftlaust. So kjem dat fram ein Flokk i Samfundet, som verd leid av denne Daningi; dei halda seg til dat meir naturlege. So kjem dat ei Vending; Flokken sigrar, og so fremja dei ei ny Form av Daningi; for dat kann ingen verda standande paa dan naturlege Standpunkten. Detta Straumfaret er rettkomet, naar me berre ganga ved, at dat ikje er mot Daningi sjølv, men mot ei viss Form av Daningi at me kvar Gong strida. Kulturhistoria heve eit fullkomet parliamentarisk System. No raader dan Daningi, dat er Toryarne; so verd ho nedstøytt av Naturi, dat er Whiggarne; so koma Toryarne atter o. s. f. Dat var i Slutet av dat sidste Aarhundradet. Dan gamle Daningi i Europa var just visnad, ho var stinn, skrinn og kraftlaus, — skrinn og kraftlaus som Maalet i Salongarne, stinn og urimeleg som Alongeparykkarne, dat løglege Dame-Hovudpyntet, dat pudrade Haaret o. s. f. Men dan nye Daningi laag innunder og saud. Dat var ein Mann, som dei hava kallat ein Skarv og ein Hyklar, men kvat han so var, eitt var i Vissa ikje Hykkel hjaa honom, og dat

var hans Leida til dan gamle Daningi. Men han leet dat ganga ut yver Daningi i dat heile. Daningi, sagde J. J. Rousseau, er til Forbanning fyre Mannslægti. „Retournons à la nature“, — lat oss snu atter til Naturi — var dat vidspurde Valordet, som han kastade ut i Verdi, og dat leid berre ei stutt Tid, so brann dat Borger og Slott, Konungsstolar og Altar, — alt dat gamle gjekk upp i Logar, og Parykkar og Hovudpynt flaug aat Marki — ja Hovudi med. Dan franske Revolutionen er dat veldugaste Dømet paa ein Samanstøyt imillom tvo Kulturperioder. Han er eit makalaust Døme paa, kvat Leida ein kann faa til ei utsliti og visnad Daning, men han er ogso eit Døme paa, kvat Urett dat kann verda gjort imot Daningi i dat heile. I so Maate, at dat her nemnde Umskiftet paa Daningsformer helst syner seg som eit Trykk fraa dei lægre Samfundslag paa dei høgre, so er detta Skiftet i alle Fall ei Sida av dan demokratiske Straumen. Denne Demokratien er dan gode Demokrati; for dat er just rett og gagnlegt, at dei djupare og friskare Lag i Samfundet koma upp, lika som dan djupe Jordi verd uppvelt av Plogen. Men lika so visst som dat finst ein god Demokrati, so finst

dat og ein vond, og han er ikkje mindre kjend. Dan vonde Demokratien, dat er dan, som spottar dan bljuge Kjensla; som vanvyrder dan upptamde Tenkningi og dat høgre Vitet; som talar i store Ord um dat, som han inkje heve ransakat til Botnar; som forsmaar dan prøvde Karakteren; som vantar Vyrdnad fyre dan Ætt, som var fyre oss; som vantar Vyrdnad fyre Forntidi og dei gamle; — dan vonde Demokratien, som er ein Blanding av Hat og Vitløysa, er av dei usømelegaste Framsyningar i Framvokstren hjaa Samfundet.

Hava me, Godtfolk, Rett til at tala um Brestar i dan raadande Daning, elder betre: er dat nokot Krav paa oss til at freista med at fremja Daningi imillom oss med nye Midel? Detta Spursmaalet er dat nyst vordet freistat med at utgreida paa ein annan Stad (Bergensposten Nr. 27 og 28) og paa Grunn av dan Hugnad, som eg heve av detta Spursmaalet, visar eg dykker her til dei nemnde Stykke og legg dykker paa Hjarta Tanken um „Ein høgre Folkehøgskule". Eg vonar i Vissa inkje, at alle i denne store Samningen skulo hava Hugnad av ei slik Sak, men paa hi Sida trur eg daa ogso,

at dat juſt i detta Samlaget finſt dei, ſom gjerna taka imot dan nemnde Tanken.

Soframt ſom eg elles heve dan rette Meining um detta Laget, ſo høyrer dat juſt med i ein Kulturſtraum, ſom vil føra nye, friſke Emne til Daningi; men, detta maa ein koma i Hug, med dat Fyremaalet, at desſe Emne atter ſkulo danaſt, og dat er juſt detta, ſom etter min Meining er eit av dei Maal, ſom høyrer vaar Tid til. Dat er ogſo detta, ſom heve gjort, at eg med Hugnad heve ſtiget fram her i Kveld med desſe mine Tankar, alt um eg i ſume Stykke ſtend helder framande fyre Laget, — eg talar jamvel inkje Lagſens officielle Maal. Dat er dat ſame, ſom ogſo driv meg til at ynſkja, at Laget maa trivaſt vel framleides. Dat ſtend no ſom eit vokſtrikt Tre, ſom Vaarvinden ſuſar i. Viſtnog ſkal dat, etter ſo ſom eg trur, inkje ganga fri fyre dan ſedvanlege Lagnad, ſom møter Daningi. Dat ſkal kann henda ſetjaſt mang ein Vanrenning paa dat, og mangt eit turt Lauv ſkal rusla imillom Greinom. Men dat ſkal, etter ſo ſom eg vonar, ogſo driva fram mang ein fager Blom og bera mang ei god Frukt.

Hardingfela.

Hev du høyrt ei Hardingfela laata?
Hev du høyrt, kor ho kann læja, graata?
Hev du høyrt i kaataſt Springelaaten
deſſe Underdrag av tunge Graaten?

Hev du ſeet paa Golvet Lyden danſa,
ſo dei ſnaudt nog meir ſeg ſjølv kann ſanſa?
Hev du ſeet kor Gjenteflokken undrad,
daa dei høgſte Kaſt i Biten dundrad?

Ja du kann tru, at Spelemannen traatt
kann hava myket røynt i Danſelag,
naar tidt han ſpelte ut den heile Nott
og endaa turad med til langt paa Dag.

Ein gamal Spelar sat vel mangei Nott
og skapte Liv og Lyst i Ungdomslag.
Med djerve Halling, kaate Springeslaatt
or Bringa jagde baade Sut og Gnag.

Aa, der er Kvild i desse gamles Spel,
og det fell mjukt og fint som Kvendehand,
og upp det lyfter baade vœnt og vel,
men med ein Snev av Sorg so liten Grand.

Ja det er Malmen i eit Feletak
at det kann blanda ymse Kjenslor hop,
at det kann kvekkja deg med Bringeskak
og so med sama ropa Glederop.

Naar ein er ung og kann sitt Bogadrag,
so er det alltid meir av Storm og Draum,
med større Brjoting millom Nott og Dag
og meire Driving paa hans Tonastraum.

Olav Lofthus.

Um Varmen paa Jordi.

Utarbeidt etter Cazin og Carl av Henrik Krohn.

II. Utskiftingi av Varmen paa Jordyta.

Etter at me i fyrre Stykket hava synt, kvat Meining ein i dat store heile skal hava med Jamvigti av Varmen paa Jordyta, vilja me no halda oss til dat meir einskilde: um korleides dat heve seg med Varmen paa dei einskilde Stader av Jordi. Soframt som dat til alla Tider og paa kvar Stad av Jordi var fullkomet Jamskifte imillom tapad og vunnen elder utstraalad og innsogen Varme, so vilde Varmeslaget ogso allstad haldast med same Laget. Men utaliga Orsaker ero imot denne Regel, og Varmeslaget vekslar til vissa Tider etter vissa Logjer, men likavel paa dan Vis, at Krafti verd uppehaldi elder uforgjengeleg. Her maa me hugsa paa, at Soli er vaar største og vigtugaste Varmekjelda, og dan Maaten, som Varmen hennar fær

verka paa her paa Jordi, er soleides skipad, at her paa ymse Stader er eit jamlegt Umskifte i Varmeslaget. Solvarmen verkar inkje likaeins paa heile Jordyta, inkje sameleides med Natti som med Dagen, med Vetteren som med Sumaren. Og detta er baade ein allvis og ein miskunnsam Lagnad, for utan vilde her inkje vera verande fyre dei uteljande organiske Jordskapningar, som no lauga seg i dan logbundne Varmestraumen fraa Soli. Hjaa dei livande Skapningar sjaa me ein Livsvokster, som heve si Rot i Varmepaaverknaden, og dei turva alle Varmen, soframt Livet skal hava sin Framgang; og dartil ljota dei faa denne Varmen paa dan Maaten, som tillagad er, sume meire og sume mindre, men alle ei viss Mengd, kvar etter si Torv. Just detta, at dat er so mange Varmeslag paa dei ymse Jordbolkar, er Orsaki til, at so mange uteljande Slag av Skapningar, baade Plantar og Dyr, kunna trivast; dan Veksel av Varme og Vederslag, som dat er paa Jordi, gjerer Livet so mykket rikare og meir skiftande, en dat vilde vera, um dat var same Varmeslag paa all Jordi, og dat vilde jamvel, som fyrr er umnemnt, slett inkje vera verande paa henne, soframt dat til alla Tider av Dagen og Aaret var

berre Sumarshite og Middagsfolskin. Umskiftet elder Umskapnaden av dei Emne, som skapa Organismen elder Likamsinnreidingi, tarv korkje ganga for fljott elder for seint fyre seg. Organarne ljota vera innum visse Varmemerke elder Varmegradar, som inkje nokon livande Skapning kann skrida yver utan at tynast. Menneskja kann til Naud tola Varmeskiftingar alt til 100 Gradar; ho kann soleides endaa liva, naar Gradestokken syner 56 Gradar under Nol, so som Kaptein Black heve vitnat paa si Ferd gjenom Nordamerika, daa han var paa Etterleiting etter Kaptein Ross. Men Menneskja kann ogso liva i 47 Gradar yver Nol, dan høgste Varmegrad, som ein heve røynt i Esna i Egypten. Dan største Luten av Dyr og Plantar lyt darimot lata seg lita med mykket trengre Varmemerke.

Dan Vitenskap, som heve med at studera Varme- og Vederslaget paa Jordyta og søkja etter Logjerna fyre detta, kallast Meteorologi. Me vilja no her berre halda oss til dei vigtugaste Orsaker til Varmeumskiftingarne i Lufti.

Lat oss no fyrst sjaa paa dat, som i dette Stykket gjeng fyre seg paa ein og same Staden. Naar Soli renner um Morgonen, so sender ho

Straalarne hallfløytte elder hallbratte gjenom Lufti aat Marki og vermer upp baade Luft og Jord. Men Jordi tek myket meire Varme til seg en Lufti, og vermer paa si Sida ved Utstraaling dei Luftlag, som liggja henne nærast. Paa dan andre Sida held Himmelromet paa med at verka kjølande paa Lufti og Jordyta, og di varmare Jordi er, di sterkare er denne Avkjølingi. Naar Dagen renner, er ho helder liti, og Varmen, som kjem fraa Soli, heve stort Yvertak yver denne Avkjølingi. Med kvart som Soli stig upp aa Himmelen, verda Straalarne brattare og brattare og Hiten større. Varmegraden aukast no stendigt. Etter Middagen, naar Soli tek til at siga, og Straalarne verda kaldare, kjem dat ein Augnablink, daa dan tilførde Varmen og dan utstraalade Varmen ero lika store. Daa heve Dagen naatt sitt høgste Varmestig, og fraa denne Stundi minkar Varmen, medan Avkjølingi inkje minkar i same Mun. Fyre Middagen fekk Varmen Yvertaket, fram paa Ettermiddagen fær Avkjølingi Yvertaket. Soleides siig Varmegraden meir og meir imot Kvelden, alt um Soli er uppe, men endaa sterkare siig han ut etter Natti, daa Soli er reint burte. Dat lægste Varmestiget er

naatt straks fyre Solrenningi. Varmegraden millom dat lægste og dat høgste Varmestiget kalla me Dagsens Medelsvarme.

Dan daglege Medelsvarmen paa dei ymse Stader paa Jordi skifter ogso med Aarsbilet. Paa denne Maaten faa me ogso ein aarleg Medelsvarme. Fraa Vettersolkverv verd med kvar Dag Timebilet lengre og lengre, som Soli stend uppe um Himnaleitet. Detta varer alt til Sumarsolkverv elder so lenge som Soli under dat daglege Umlaupet held paa at stiga høgre og høgre paa Himmelen. Daa stig sjølvsagt ogso Varmeverknaden, og Jordi verd meir uppvermd med Dagen, en ho verd avkjøld med Natti. Med Sumarsolkverv er Solverknaden paa sitt høgste, men verd endaa inkje utjamnad ved Avkjølingi paa Himmelromet. Dat er fyrst naar ei Tid er lidi, elder naar Varmeverknaden heve tapat nokot i Kraft, at denne Utjamningi gjeng fyre seg, og i denne Augnablinken er Aarsvarmen paa sitt høgste. Dat er dan same Framsyning elder dan same Tilburden, som me her sjaa i dat større med Aarsumlaupet, som me fyreaat saag i dat mindre med Dagsumlaupet. Fraa dan Stundi fram paa Sumaren, daa Varmen er paa sitt høgste,

avkjøleſt Jordi meir med Natti, en ho uppvarmaſt um Dagen, og Varmen ſiig meir og meir med kvar Dag, alt til Vetterſolkverv og ei Stund baketter, til deſs at Varmen atter fær Yvertaket. Varmegraden millom dat høgſte Varmeſtiget um Sumaren og dat lægſte fram paa Vetteren er Aarſens Medelsvarme. Paa ſame Maaten kann ein ogſo ſjølvſagt rekna ut Medelsvarmen fyre dei ſeks Sumarmaanadar og dei ſeks Vettermaanadar ved alltid at taka Medelstalet av dan høgſte og dan lægſte Varmegraden.

Men til dan her nemnde jamne Naturlog kjem dat ei Mengd med Orſaker, ſom ein lyt kalla tilfellelege, elder ſom høyra dei einſkilde Landſkap elder Jordbolkar til, og ſom auka Varmeſvingningarne endaa meir. Ein plagar difyre til betre Retteſnøre at rekna etter Varmeſtiget i ymſe Aar etter kvarandre. Medelsvarmen fyre kvar Maanad reknar ein ut paa dan Maaten, at ein legg i Hop Medelsvarmen til kvar Dag i Maanaden og dividerar heile Summen med Dagatalet. Soleides fær ein Medelsvarmen til kvar Maanad. Heve ein haldet Rekning gjenom ymſe Aar, ſo kann ein paa ſame Maaten faa ut Medelsvarmen fyre deſſe Aar ved at leggja i Hop Medelsvarmen til kvar Maanad og dividera Sum-

men med Aaratalet. Ved at halda fram paa denne Visi i sekstan Aar heve Franskmannen Bouvard til Dømes reknat ut, at Maanads-Medelsvarmen fyre Paris er:

Januar, Februar, Marts, April, Mai, Juni, Juli,
2°,0 4°,0 7°,0 10°,7 14°,0 17°,0 18°,7
Auguſt, September, Oktober, November, Deſember.
18°,2 15°,8 11°,5 7°,0 3°,9.

Her kunna me ſjaa, at dat høgſte Stiget er i Juli og ſoleides etter Midſumar. Dividera me no Summen av denne Varmen fyre kvar Maanad med Maanadstalet 12, ſo faa me Medelsvarmen i Paris at vera 10°,8 elder næſtan dan ſame ſom Varmen i April Maanad.

Men dat er inkje nog, at me vita Aarsmedelsvarmen, naar me vilja vera visse um Solverknaden paa einkvar ſerſkild Staden. Dei ytſte Stig av Varmegraden ero av ſtor Vigt i dette Stykket. Dat gjerer ovmykt paa Plante- og Dyrlivet, kor høgt Varmen ſtig, naar han er paa ſitt høgſte, og kor laagt han ſiig paa ſitt lægſte. Soframt ſom Plantarne inkje ſkulo frjoſa, og Alda elder Frukterna ſkulo gjeraſt elder mognaſt, ſo lyt Varmeſlaget korkje vera for laagt elder for høgt. Her er dat ogſo

naudsynlegt, at gjera ei Mengd med Uppteikningar, sofremt som ein vil vara seg fyre dan Verknaden, som tilfellelege Orsaker kunna hava. Naar ein soleides vil hava Greida paa Vederslaget elder Varmeslaget paa einkvar serskild Staden, so lyt ein samanlikna dan heitaste Maanaden med dan kaldaste. Vaar Parisar-Tabel syner i so Maate 18°,7 og 2°,0. Skilnaden er soleides 16°, 7. Dette Talet er Mæleslaven fyre Varmeslaget i Paris. Men detta kann likavel skifta, for Varmegraden kann i Røyndi stiga til 38° yver og siga til 23° under Nol, elder Skilnaden kann vera 61 Gradar, og dat hender dei Undantak, at Sumaren i dat heile er uvanleg heit og Vetteren uvanleg kald, nokot som ein paa dan Standpunkten, som Meteorologien no heve naatt fram til, inkje kann sjaa paa Fyrehand.

No vilja me leita etter dei Orsaker, som verka paa Medelsvarmen og Vederslaget i dei ymse Landslag paa Jordi.

Fraa Ækvator elder Jordmidten og til Polarne falla Solstraalarne mindre og mindre bratte aat Marki. Verknaden verd sjølvsagt ogso linnare og linnare med kvart, og Medelsvarmen stendigt lægre. Gange me alt upp imot Polarne, dar som

Vatseimen jamt tettaſt til Snjo, og Havet er islagt. Offalege Isberg og Islag ſkifta kvart Aar ſin Stad og meinka Sjofararne. Me hava alt høyrt gjetet, at dan vidgjetne Ferdamannen Kane paa ſi Ferd mot Nordpolen heve vunnet yver mange av deſſe Hindringar; men til Traaſs fyre all dan Møda, ſom Cook, Weddel, Dumont d'Urville og James Roſs hava gjort ſeg, ſakna me endaa greida Upplysningar um Sudpolen; etter alle Merke ſinſt dat ogſo her eit Hav, ſom er kringſett med Isberg. Og Hovudorſaki til all denne Kulden og all denne Isen er, at Soli er reint burte med Vetteren, og at Straalarne paa dei andre Aarstider inkje kunna verka med ſi fulle Kraft.

Men ogſo Skapet paa dat faſte Landet i Lag med Havſtraumarne gjera ein ſtor Skilnad paa Varmeſkiftet baade paa dan nørdre og dan ſydre Jordhelvti. Dei breide Landvidder paa dan nørdre Halvkula naa nær upp aat Polen, medan darimot paa dan ſydre Halvkula Afrika og Amerika ganga ut i lange Nes, ſo at Havflata dar ſud er myket vidare en Landet. Sudenden paa Amerika er inkje myket lengre fraa Midlina paa Jordi, en Danmark. Havet kaſtar meir av Solſtraalarne tilbaka en Landet,

og soleides lyt dan innsogne elder paahaldne Varmen sjølvsagt vera myket mindre paa dan sydre en paa dan nørdre Halvkula; Sudenden av Amerika heve ogso i Røyndi myket lægre Medelsvarme en Danmark.

Men elles heve Havet ogso dan Verknaden, at Vederslaget verd jamnare og linnare. Vatseimen, som alltid blandar seg med Lufti, breider seg ut yver Jordyta som ein Skjerm og hjelper baade mot alt for sterk Upphiting og alt for stor Avkjøling. Desutan skifta Havstraumarne ut til Strenderna dan Varmen, som heile Storhavet fær fraa Soli. Difyre finn ein dat mildaste Vederslaget paa Øyarne; her er Skilnaden millom Medelsvarmen paa dan kaldaste og dan varmaste Maanaden berre eit Par Gradar, og maateleg heit Sumar skifter med mild Vetter. Eit slikt Vederlag kalla me konstant elder støydt. Sudamerika kann fagnast av eit sovordet Vederslag, og difyre kann ein dar gledjast med dan kostlegaste Vokster paa Mark og i Skog. Dat rike tropiske Plantelivet naar her myket lenger ned fraa Midlina, en dat gjerer nordanfyre. Grasslag renna upp, so dei verda store som Tre; Vanilja og mange av dei finaste Plantar, som i Frankrike berre

trivaſt i Drivhus og med dat grannaſte Tilſyn, vekſa her i Utmarki, alt um Medelsvarmen inkje er høgre en i Frankrike.

I Engelland finna me eit endaa greidare Vitnemaal paa, korleides Væta i Lufti kann verka paa Vederſlaget og Medelsvarmen. I London er Medelsvarmen 10 Gradar; i Irkutzk darimot, Hovudſtaden i Sibiria, ſom ligg paa Lag lika langt fraa Ækvator, er Medelsvarmen ½ Grad under Froſtpunkten. I London er Medelsvarmen i dan kaldaſte Maanad 3 Gradar yver Nol og dan heitaſte 17°,8; i Irkutzk darimot 19°,5 under Nol og 17°,5 yver Nol. Skilnaden er ſoleides berre 14°,8 i London, men 37° i Irkutzk; Vederſlaget paa denne ſidſte Staden kann ein difyre ogſo rekna ſom dat greidaſte Døme paa ſermerkt Vederſlag.

No ſkulo me freiſta med at gjera dat greit aat oſs, korleides dat kann koma fram ſlik Skilnad millom Varmen paa tvo Stader, ſom elles ſkulde hava ſame Varmeſlaget, naar dat ſkulde høva til dat geografiſke Lægjet, ſom dei baade tvo hava.

Me ſagde ovanfyre, at Havſtraumarne ſkifta ut til Strenderna og Landi attved deim dan Varmen, ſom Storhavet fær fraa Soli. Fyre oſs Eu-

ropafolk er Golfstraumen ein av dei vigtugaste Varmeberarar i dette Stykket; dat er han, som heve dan største Verknad paa Vederslaget i Vesteuropa. Han kjem veltande med si uhorvelege Vatsmengd mot Strenderna i Engelland og Noreg, Frankrike og Spania, og fører med seg dan Varmen, som han saug i seg under Solhiten i Vestindia; denne Hiten giv han fraa seg smaatt um Senn paa si Ferd upp imot Ispolen. Med dat same han strøymer ut fraa Golfen i Mexiko, som han heve Namnet sitt av, fer han 6 Fot i Sekundet og heve ein Varme paa 27 Gradar. Fraa Amerika fer han yver til Europa og kløyver seg i tvo Armar. Dan eine Armen laugar dei engelske Øyarne og snur seg mot Sud inkje langt ifraa dei franske og spanske Fastland og vender tilbaka i ein Ring. Dan andre Armen fer framum Irland og langs med Noregs Strandi, og dat er honom at takka, at me so langt nord hava so mildt Vederslag, at Aarsmedelsvarmen i Ullensvang til Dømes er dan same som i Ofen i Ungarn, som ligg 200 Miler paa Lag lenger sud. Var inkje Golfstraumen, so vilde her vera litet buande i Noreg. Jamsides denne Straumen fylgjer ei heil Mengd med Vatseim fraa Storhavet, som berst

av Luftstraumarne og tettast i Engelland og dei andre Europaland. Ved denne Tettingi verd dat frigjort lika so myken Varme som dat vardt bundet, daa Eimen skapteſt under dat heite Himmellaget. Denne Eimen er at likna med ein Dragar, som Varmen sjølv skapar og brukar til si eigi Framførsla yver Hav og Land. I London blæs dat Sudvestvind ni Maanadar av Aaret, og alt Regnet, som han fører med seg, heve ein velgjerande Varme til Fylgje. Detta er Orsaki til dan milde Medelsvarmen, som dat er i Engelland; ovsterkt Frost og ovsterk Hite verd hindrat ved dan vaatsame Lufti; um Sumaren minkast Solhiten darved at Straalarne verda innsogne av Vatseimen; um Vetteren held dan same Eimen Varmen aat Jordi paa dan Maaten, at han hindrar Utstraalingi mot Himmelromet. Etter Røynsla hans Tyndall syg Vatseimen, som er i Lufti, 72 Gonger meire Varmestraalar i seg, en dan turre Lufti. Paa denne Visi er daa Vatseimen, som sviv i Lufti, ein utrøytande Varmeberar og ein god Varmehaldar, som breider seg ut yver Landi lika som ein Skjerm, til Livd fyre Skog og Mark og alt dat, som dar liver. Han uppeheld Livet og er paa ein Maate Or-

sak til, at dar skapast Livsformer, som elles inkje vilde kunna trivast. I Engelland, dar Vinstokken inkje kann gjeva mogna Vindruvor, trivast darimot Plantar og Tre, som inkje kunna tola Vetterkulden paa Fastlandet, dar som elles Vindrovorna mognast myket vel. Paa Austsida aat Irland vekser Myrta lika so kraftugt som i Portugal, etter Vitnesburden hans Humboldt. Dat er knapt, at dat i Irland frys um Vetteren, men Sumarshiten er darimot inkje i Stand til at mogna Druvorna. I Bygderna kringum Devon-Shire i Engelland kann ein lata Kameljor standa ute heile Vetteren utan Livdgreidor, og Orange-tre, som ero grindsette aat einkvar Veggen paa Solsida, bera gjorna Frukter.

Men kor heilt onnorleides ser dat inkje ut i Irkutzk under same Himmellaget? Med di dat ligg langt fraa Havet, er dat ovlitet av Væta i Lufti, som soleides inkje helder kann vera til nokor vidare Livd fyre Marki. Med Vinden kjem dat her berre turr Luft, som fraa Polarkverven er avkjøld til ein etande Kulde, elder som fraa Øydemarki i Mid-Asia er uppvermd til ein steikjande Hite. Med Vetteren frys heile dat store Baikal-Vatnet, som ligg tett ved Irkutzk, so at ein fraa Januar til

April kann aka paa Isen fraa Ende til Ende. Henry Russel, som heve ferdast dar i Januar, fortel at Vatnet, som er 50 Miler langt og 8 Miler breidt, saag ut som eit storknat Hav. Daa han sette ut i Sleden, kom dat honom fyre paa Lag som han skulde vera buen til at gjera ei Ferd tvertyver Storhavet til Amerika. I dat tjukke Islaget var dat eit Brot og Brak som av Kanonor, og Strenderna vaaro høgt upp klædde med Issvull etter Sudraget, som var storknat paa dan Tid, daa Vatnet endaa inkje var so avkjølt, at Isen lagdest. Med Sumaren darimot held Varmen i Irkutzk seg ofta i ymsa Vikor i Senn paa 30 Gradar, og daa pløgja store Eimbaatar Bylgjorna paa Baikal-Vatnet. Og endaa større Hite vilde Vestanvinden bera med seg, soframt inkje Altaifjelli bægde nokot av.

Dan Høgdi, som ein Stad ligg paa, er ogso Orsak til, at Varmeslaget paa dan Staden er kaldare. Lufti i dei høgre Lag er tunnare, og difyre syg ho mindre Varme i seg, so at Varmen minkar med Høgdi. Detta er nokot, som er støtt vitnat ved dei Røynslor, som dei hava gjort baade paa Fjellferder og Luftferder. Medelsvarmen paa Sankt Bernhards-Ruten i Sveits, som ligg lenger sud en

Paris, men 8,000 Fot yver Havet, er 1 Grad. Men elles er dat ei Mengd med Orsaker, som her er medverkande, som me denne Gongen ljota fara framum. Me vilja no enda desse Utgreidingar med nokre Tankar paa dei Umskiftingar, som hava hendt med Veder- elder Varmeslaget i dan historiske Tid i dei ymse Landskap paa Jordi.

I dei Tider, daa Moses livde, vordo baade Dattlar og Druvor velgjorne i Palæstina. Av detta kunna me nokorlunda visst gissa oss til dan Medelsvarmen, som var paa dei Landemerke i dan Tid. No i vaare Dagar mognast Dattlarne inkje meir i Catanea, som heve ein Varme paa 18 Gradar. Dei turva minst 21 Gradar, soframt dei skulo verda fullgjorne, so som i Algier. Varmen i Palæstina kann soleides inkje hava voret under 21 Gradar paa Tiderna hans Moses. Paa dan andre Sida er dat Ende paa Vinavlen i dei Varmlendi, dar Hiten stig yver 22 Gradar. I Persia er 23 Gradar dan høgste Medelsvarmen, og dar ero dei nøydde til at verja Druvorna med mange Slag Reidskap fyre Glodhiten fraa Solstraalarne. Av desse Røynslor døma me soleides, at Medelsvarmen i Palæstina inkje helder kunde vera meir en 22 Gradar, og me

kunna inkje vera langt fraa dat rette, naar me setja honom til 21½ Grad. I Jerusalem er i vaar Tid Medelsvarmen nokot litet yver 21 Gradar etter ymse Uppteikningar, som dar er gjort. Dat er soleides inkje nokot Umskifte, som er verdt at nemna, paa Vederslaget i Palæstina i desse 3000 Aar.

I Frankrike er dat likt til, at dat heve voret nokot større Brigde paa Vederslaget. Fyre lengre Tid sidan avlade dei Vindruvor i Vivarais, so høgt som 2000 Fot paa Lag yver Havet, men dar trivast dei no inkje lenger. Vinet fraa Suresnes heve ogso tapat myket i Godleike sidan dan Tid, daa dat vardt boret paa Bordet hans Keisar Julian Aar 360, og likaso Vinet fraa Beauvais og Etampes, som vardt so høgt yrdt paa Tidi hans Filipp August umkring Aar 1200.

I Engelland vardt ogso i eldre Dagar Vinstokken dyrkad paa slike Stader, som ein no berre kann faa honom til at trivast, naar ein skjermer honom paa dan grannaste Maaten mot dei kalde Vindar.

Dat, som heve voret Orsak til dette Umskiftet, er Uthogst av Skogarne, Rudning av Utmarki og Utveiting av Myrar og Dike. Ein fraudig Vokster,

og daa helst paa Skogen, driv fram Tettingi av Vatseimen i Lufti, og som me vita er detta Orsaki til at dar løysest ei heil Mengd med Varme. I skogrika Bygder finst dei rikaste Vatskjeldor; Vatnet fraa desse samnast i Elvar, og desse gjeva ei jamn og velgjerande Væta til Lufti; desutan liiva Skogarne fyre Vinden. Naar Menneskja øydelegg denne vise Lagnaden, so verd Vederslaget kvassare, av di at samstundes verda Vindarne kaldare og Sumaren heitare. Druvorna turva eit linnt Vederslag. Dei mognast berre, naar Sumarvarmen varer til ut paa Hausten og sofremt Umskiftet paa Aarstiderna inkje gjeng for fljott elder for kvast fyre seg.

Paa dei ovannemnde Røynslor elder Kjensgjerningar kann ein byggja vigtuge Fylgesetningar um Solverknaden og Jordi sin eigen Varme no og i fyrre Dagar. Sidan Skapnaden av dei fyrste Menneskjor er Umskifte inkje merkande. Dat er dei, som hava reknat ut, at Minkingi paa Varmeslaget i 57,600 Aarhundrad berre skulde vera 1 Grad, og denne Utrekningi hava dei gjort paa Grunnlag av dan Varmen, som Jordi misser ved Utstraaling, og dan Varmen, som ho fær atter fraa Soli. Men me faa her med slike Tal at gjera, at Rekningi fær

litet Verde fyre oss. Kvat Tid Jordi var ein rennande, glodheit Masse, og kvat Tid ho tok til at storkna og smaatt um Senn at faa ei fast Skorpa, dat heve ingen freistat med at rekna ut, og inkje er dat vel utreknande helder. Me faa lata oss lita med at vita, at dat fyre oss mest er jamgodt med endelauса Tider.

Fortelnaden um dei Umbrøytingar, som i desse uhorvelege lange Tider hava hendt paa Jordi, kunna me lesa oss til i dei talrike Jordlag, som liggja lika som Bladi i ei Bok i ei greid Radfylgja. Dan Vitenskapen, som lærer oss at lesa i denne Kjempeboki, kalla me Geologi. Denne Vitenskapen er dat, som giv oss Kjendskapen til Dyr og Plantar, som hava livt etter kvarandre paa Fastland og i Havet. Han syner oss ogso Umveltingar, som hava reist høge Berg upp fraa Jordskorpa, og som til ymsa Tider hava reint umskapt Lagnaden paa Land og Hav. Han lærer oss framleides, at um ogso Avkjølingi av Jordkjernen inkje heve nokon Verknad paa Medelsvarmen i Lufti, so heve denne Avkjølingi likavel dan Verknad, at Jordi kverv i Hop, nokot som heve framkallat store Umveltingar i dan faste Jordskorpa.

Naar me taka dan Tidi fyre Jord-Avkjølingi til Grunnlag, som me nemnde ovanfyre, og tenkja oss, at dan faste Jordskorpa kverv i Hop paa same Maaten som Glas, so skulde Jordradien elder Jordtjukni kverva $^{36}/_{100000}$ Tume i eit Aar. Tenkja me oss no ei Holkula, som er full med Væta elder Gas, og at denne Kula heve nokra Sprungor, so kunna me skyna, at naar Kula kverv i Hop, so aukast Trykket inn i henne med kvart, og sumt av Væta elder Gasen lyt ut gjenom Sprungorna.

Detta kann nokorlunda vera eit Fyredøme paa dat, som dan Dag i Dag gjeng fyre seg med Jordi vaar. Dat finst try hundrad Eldberg her og kvar i kringum paa Jordskorpa, og av dei im strøymer glodkvit Lava ut i Lag med Gas og Oska og glasbrende Steinar. Dat, som drivst ut i eitt Aar, svarar i Mengd til dat, som Jordi skulde minka ved Ihopkvervingi av Jordradien, og detta styrkjer dei Meiningar, som me koma til gjenom andra Røynslor.

Men med detta endar endaa inkje Verknaden av Ihopkvervingi. Naar dan rennande Kjernen kverv isaman, so verd dat sjølvsagt eit Tomrom millom honom og Jordskorpa; Kjernen kann difyre trulege vera i ei jamn Dyning, gjeva etter fyre Til-

draget av Maanen, lika som Havet, og hava Flod og Fjøra, Storm og Bylgjor i Likning med detta. Ein kann tenkja seg alle Slag kjemiske Umbrøytingar paa dette Eldhavet, og Jordskjelvar og dan underjordiske Larmen synest skilet at tyda paa, at so er Tilfellet, dessmeir daa Jordskjelvarne just ero jamnare og sterkare midt paa Jordi, dar som Jordsvingningen er størst og Maanens Tildrag verkar paa dat meste. Sidstpaa heve ogso dan ujamne Tjukkleiken paa Jordi dat med seg, at Kvervingi ogso verd ujamn, so at digra Sprungor darved koma fram paa einskilde Stader. Ned i alle desse Sprungorna ryn dat store Mold- og Steinrøyser; paa andre Stader lettar Jordskorpa seg upp, heile Fjellgardar reisast og Eldberg skapast, som spya ut Loge og rennande Lava. Dan ujamne Kvervingi er soleides Orsak til Sprungorna, dei tome Romi er Grunnen til Samanrapet, og Utspyet or Eldbergom er nokot, som fylgjer attpaa, nokot som berre søkjer seg Veg gjenom Sprungorna, utan at dat heve havt nokot med at skapa deim.

Slike geologiske Umveltingar maa sjølvsagt gjera, at Vatnet paa Jordi kjem i eit annat Lag. Nye Fastland letta seg upp av Havflata, og gamle siga

ned atter. So kjem dat eit Bil, daa alt er komet i Jamvigt, til deſs Jhopkvervingi atter framkallar dan ſame Sunderſprikking av Jordſkorpa. Dan namnkunnige Elie de Beaumont og andre Geologar hava paaviſat tretti Umveltingar; kor lang Tid dat heve voret millom kvar, er nokot, ſom me inkje kjenna til; me kunna berre ſkyna, at dat heve voret ovlange Tidarbil. Baade dei geologiſke Vitnemaal og dei ſokallade fyſikalſke, ſom me henta fraa Varmen og Vederſlaget, ganga paa eitt ut og vitna um, at Avkjølingi av Jordi er myket ſein. Til deſſe Vitnemaal kunna me endaa leggja eit tridje, ſom kviler paa aſtronomiſk Grunnvoll, og dat er, at Jhopkvervingi av Jordi laut draga dat etter ſeg, at hennar daglege Umſnuning vardt ſljotare, og darmed at Døgret vardt ſtuttare. Men no heve inkje Døgret ſtyttnat $^1/_{300}$ Deild av eit Sekund paa 2000 Aar, etter ſo ſom Laplace heve reknat ut. Alt detta ſamanlagt tyder paa, at dat gjeng ſeint og jamt med ſjølve Avkjølingi og dei geologiſke Umveltingar paa Jordſkorpa.

Men med Umſkiftingi av Solvarmen paa Jordyta heve dat voret ſtore Umbrøytingar og Umvekslingar. Dat er trulegt, at Soli kolnar lika ſo ſeint

som Jordi; dan Varmen, som straalar ut fraa henne, vil difyre inkje skifta myket. Men etter kvar geologisk Umvelting møter denne Varmen nye Fastland og heilt andre Hav; Vederslaget maa difyre koma til heilt at umsnuast. Av slike Umsnuningar, som hava hendt i dan Tid, som ligg næraste Skapnaden av Menneskja, kunna me nemna Nedsiget av heile Sveitserlandet, som ein kann sjaa av mange Merke paa Alpe-Liderna og paa Jura-Fjelli. Dan, som fer ned etter Rhone-Dalen, kann faa sjaa mange Leivningar av gamle Jøklar alt ned til Genfervatnet. Fjelli paa alla Sidor aat Dalen ero utholade og hava djupa Forer paa sume Stader; paa andre Stader ero dei blankslipade elder strikade og randutte. Allstad sjaa dei ut lika som dei Fjellsidorna, som koma fram undan dei noverande Jøklar, og som me kunna sjaa at Isen dan Dag i Dag held paa at skura og slipa paa. Paa hi Sida aat Genfervatnet upp i Liderna paa Jurafjelli finna ma jamvel store Steinar av dat same Granitslaget, som dat er i Alpetopparne lengst fram yver Dalsbotnom paa andre Sida. Og desse Steinarne kunna inkje vel vera framborne paa annan Maate, en at Isen, som dei ein Gong i Forntidi rapade ned paa, heve ført

deim med seg og lagt deim fraa seg upp i Lidi paa dan Tid, daa Rhonedalen endaa var uppfylld med Is til langt upp i Liderna. Alt synest tyda paa, at dat i Rhonedalen ein Gong i Forntidi heve voret ein stor Jøkul elder Bred. Endaa dan Dag i Dag kann ein greidt sjaa i Sidedalarne darnede, korleides Isen ber med seg Stein, som rapar ned fraa Fjelli lengst fram i Dalsbotnom, og som han legg fraa seg ved ytste Enden paa Jøkulen, dar som Solvarmen bræder honom og soleides hindrar honom fraa at bera dat lenger ned. So langt dreg han med seg baade slike Steinar og dan Auren, som han i Framsiget slipar av Fjelli, og paa slik Vis er dat, at Jøkulgardarne (elder Morænerne) skapast, som me kjenna so vel til her i Landet ogso. Slike Merke etter store Bredar kann ein sjaa yver heile Sveits, i Engelland og Amerika og jamvel i Libanondalom i Jødeland. Ingen Stad ero dei vel meir audsynte en her heima i Noreg. Her kunna me sjaa Merke etter dei gamle Bredarne ned etter kvar Dal alt ned til Dalsmynnet ved Fjorden elder Havet. Dei store Vollar elder Haugar av Aur, Leir og Rullestein, som liggja lika som Hjellar paa baada Dalsidor, ero Tid etter onnor nedførde med

Jøklarne, som ein Gong hava fyllt kvar Dalen og siget ut yver alt Slettelandet baade her og i Sverike. Me kunna so vel sjaa kor dat gjeng fyre seg paa beint same Maaten endaa, dar som Bredarne siga ned fraa Høgfjelli, so som i Dalføri under Jostedalsbreden, Folgefonni, Jøtulfjelli og mange andre Stader. Jøkulgardarne, som no skapast framfyre Jøkulisen, — Steinarne, som liggja upp aa Isen og smaatt um Senn flytjast lenger og lenger ned, — Elvi med dat aurutte Bredevatnet, — Slipingi paa Fjellsida, — alt detta samanliknat med dei gamle Vollar, Jøtulgrytor, Forer og Renner paa Berg og Svad, er maallause, men greide Vitne fraa dan Istid, som no er, um ei Istid, som heve voret.

No vilja me som snarast sjaa etter, um me kunna hitta Orsaki til, at dat ein Gong, etter som dat ser ut til, heve voret so myket lægre Varmeslag paa dan nordre Halvkula. Me spyrja oss sjølve, um dat er Solvarmen, som heve vantat, og herpaa heve dan oftnemnde Tyndall gjevet oss eit Svar, som greider Spursmaalet paa ein tydeleg Maate. Jøklar og Bredar ero Havsens Kondensatorer elder Avsjodingsmedel. Dei ero inkje annat

en ſtorknad Vatseim. Di meir Vatseim dat ſtig upp or Havet, di meir Nedburd vil dat ſjølvſagt verda, og di meir Snjo og Is vil dat ſkapaſt upp aa Fjelli, dar ſom Varmeſtiget er ſo laagt, at Vatnet ſtorknar til Is. Dan ſtore Istidi ber ſoleides ſnarare Bod um, at dat ein Gong var ein større Varmeverknad paa Jordi en dat no er. Dan Trui, at Bredarne ſkapteſt paa ei Tid, daa Varmen i dat heile var mindre en no, vilde vera lika ſo urimeleg ſom naar ein vilde tenkja paa at auka Deſtillatet elder dat utkokte ved at minka paa Varmen under Kokekjetelen. Soli kunde under Istidi inkje verka mindre en no. Dan einaſte Orſak til Iſen, ſom er tenkjande, er at Tettingi av Vatseimen var kraftugare, og ei medverkande Orſak til detta kann vera, at Fjelli i gamle Dagar vaaro høgre en no. Dat er godt tenkjande, at Sveits og andre Land, ſom ſyna Merke etter Istidi, hava ſiget ned paa Grunn av Innkvervingi paa Jordſkorpa. Daa Fjelli paa denne Maaten vordo lægre, vardt Varmen paa deim større, og Nedburden vardt til Regn i Staden fyre til Snjo, og heile Veder- og Varmeſlaget vardt umſkift. Me kunna ogſo tenkja oſs, at ſjølve Jordvarmen var større, daa dan ſtorknade Jordſkorpa

var tunnare, og at Varmen innantil verkade med til at skapa meir Vatseim, so at Nedburden i dat heile vardt myket rikare en no. Uppaa Fjelli, dar Nedburden vardt til Snjo, vardt han soleides myket større en han no er. No vita me, at Bredarne siga fram lika som storknade Elvar, som braadna, naar dei koma for langt ned i dei varmare Dalar. Men av di at Nedburden var større en no, so var ogso Framsiget større, so at Isen liksom vann paa Dalvarmen, som inkje vann bræda honom elder hindra honom fraa at siga lenger ut. Kann henda heve baade dan større Jordvarmen og dan større Høgd paa Land og Fjell voret dan samfellte Orsak til dan eldre Istidi.

Dat er i alle Tilfelle audsynt, at Varmeskiftet fylgjer etter og heng i Hop med Umbrøytingarne paa Land og Hav. Ved kvar Umvelting ero sume Dyrslag og Plantar burtkvorvne, av di dei baketter inkje lenger hadde dat so med Veder- og Varmeslaget, at dei kunde liva. Darimot kom dat fram nytt Kvikjende, nye Dyr og Plantar, som dat nye Tilstandet betre høvde til. I dei Jordlag, som ero nedfellte av Vatnet, finna me Leivningar av dei øydelagde Dyr- og Planteslag, dei sokallade Fossi-

lier elder steingjengne Skapningar; ved at samanlikna deim med dei nolivande, kunna me finna ut Liveviſi og Eigenſkaparne deira, og fraa detta kunna me atter gjeta oſs til dat Varmeſlaget, ſom dat var daa dei livde. Paa denne Viſi kann Geologen gjeva oſs greide Vitnemaal fraa dei steingjengne Skapningar i kvart Jordlag. Han kann med deim til Vitne fortelja oſs fyre viſſt, at i Fyrſtningi var Varmeſlaget likt paa heile Jordi, og at dat Stig fyre Stig er vordet umbrøytt til at vera ſo endelauſt ymiſt, ſom dat no er.

Og kunna me inkje beſt uppklaara detta ved at halda oſs til dan Meiningen, ſom mange Vitenſkapsmenner hava, at Jordi ein Gong heve voret i braadnat Tilſtand, og at dat ſmaatt um Senn vardt ei ſtorknad Skorpa utanpaa henne? So lenge ſom Skorpa var litet tjukk, ſtraalade Varmen fraa Kjernen ut igjenom henne og vermde upp Lufti utanfyre. Daa var Umſkiftet av Aarstiderna litet merkande; men di meir Tjukkleiken paa Skorpa aukade, di meir merkande vardt ogſo Skilnaden paa Sumar og Vetter, Hauſt og Vaar. Og ſidan kom dat mangt og myket til, ſom kvart paa ſin Maate heve drivet fram Umſkifte i Varmen og Ve-

derslaget. Umskipnaden av Vatsmengdi i Havet, Samansetningi paa Lufti, Upplyftingi av nye Fastland laut sjølvsagt gjera sin Verknad. Etter Skapnaden av Menneskja heve dat inkje voret nokor geologisk Umvelting, som paa nokon Maate kann samanliknast med dei Umveltingar, som hende fyre dan Tid. Dat synest no, at Varmetilstandet paa Jordi er vordet støtt, og likaeins er dat likt til, at Jordskorpa no heve naatt dan naudturvelege Tjukkleiken, so at ho inkje heretter vil kverva inn og sprikka i sunder so som fyrr, lika som ho ogso synest vera diger nog til at hindra Innvarmen fraa at verka utanpaa.

Korleides dat vil laga seg med Jordtilstandet i Framtidi er ei Gaata, som me inkje vaaga oss til at løysa. Men med dei Kjensgjerningar fyre Augo, som Vitenskapen alt heve vunnet fram til, kann ein vel hava Lov til at gjeta seg til dei Tilstand, som kunna vera ventande i Framtidi. Me maa her framfyre alt minna um dan Skilnaden, som dat er millom snauda Gissingar og røynda Kjenssaker. Til desse sidste rekna me deim, som Geologarne hava gjevet oss greide Vitnemaal um.

Dan Tid, som er lidi sidan Menneskja kom til paa Jordi, er utan Samanlikning myket stuttare en

dei Millombil, som liggja imillom dei geologiske Umveltingar, som fyrr hava hendt. Dessutan er dat greidt, at dei seinaste Umveltingar hava gjort myket mindre Umslag i Livsvilkori til dei livande Skapningar, en dei fyrste gjorde. Detta vita me gjeld fyre dan Tid, som er avlidi, og med denne Kunnskap venda me oss aat dan Tid, som er, og dan Tid, som koma skal. Dei same Framsyningar, som fylgde med Umveltingarne i Forntidi, sjaa me endaa dan Dag i Dag fyre Augo vaare. Til deim kunna me binda nokra Røynslor fraa Fysiken elder Vitenskapen um Naturkrafterna. Sol og Jord hava baade tvo høgre Varme en Himmelromet; dei ljota ogso fylgja Naturlogi og kolna, til dess dei hava naatt same Varmen som Himmelromet; men med dei grannaste fysikalske Reidskap kann ein endaa inkje merka til nokon slik Avkolning. Ein heve her soleides inkje paa nokon Maate nokor Kjensgjerning at byggja sin Meining paa. Løysingi av Spursmaalet kann berre byggjast paa reine Hypotheser elder Gjetingar. Soframt som Jordi er ei Kula, som er rennande inni med ei tunn Skorpa utanpaa, — nokot som dei geologiske Umveltingar fraa Forntidi hardla godt uppklaara, — so lyt ogso liknande Fram-

syningar, som dei i Forntidi, bera til i Framtidi; Snøggleiken paa dan daglege Umsnuning av Jordi maa aukast smaatt um Senn, soframt Soli held paa at verka paa vaar Planeta paa same Maaten. Avjamningi elder Flatgjerdsli paa Polarne maa ogso auka og draga etter seg ein Umskipnad paa Varmeutskiftingi soleides, at Varmeslaget ved Polarne skil seg meir og meir ut fraa Varmeslaget ved Midlina. Framleides maa Leidi, som Jordi fer um Soli, verda meir langrund, so at Vetteren verd kaldare og Sumaren heitare. Naar ein soleides er komen inn paa Gjetingar, so er dat vandt at stagga dan menneskjelege Tanken; alle Hinder synast kverva som ein Draum, og Grensa fyre dat, som er moglegt, dregst lenger og lenger burt. Men alt maa verdsetjast som ei Luftsyn, som ein Leik fyre Tankesyni.

Kunna me soleides inkje segja nokot visst um, korleides Jordi vaar vil sjaa ut i ukomna Tider, so kann ein likavel draga ut sume Meiningar, (Setningar) av dei Kjenssaker, som me hava Kunnskap um. Etter alle Merke ser dat ut til, at ingen geologisk Umvelting vil henda, fyrr eit myket større Tidarbil er lidet, en dat, som ligg imillom oss og Skapnaden av Menneskja, og dat vil trulege helder

ſlett inkje henda ſo ſtore Umſkipnadar ſom fyrr, ſo at dat vil hava dan Faaren fyre Tilværet av dei livande Skapningar, ſom dei eldre Umveltingar hava havt.

Naar dat difyre finſt dei, ſom ſtundom gjeva ſeg av med Spaadomar um Heimſens Ende, og ſom ſkræma Folk med, at dat ſnart maa vera paa dei ſidſte Tider, ſo byggja dei paa ingen Maate ſine Spaadomar paa Vitenſkaparne. Baade Spaadomarne og Trui paa deim alaſt av Faakunna elder Ovtru. Dat høyrer inkje dan gode Mannstanken til at fara med ſlikt, og dan Otten, ſom gror upp or ein ſlik Grunnvoll, er inkje vyrdande. Men me liva, Gud vere lovad, i eit Aarhundrad, daa Vitenſkapen kaſtar ſin Ljosſtraum aat alla Leider. Dan ſanne og djupe vitenſkaplege Etterleiting og dei Kjensſaker, ſom darved ero komne fram i Dagen, uppklaarar og ſtyrkjer dan Tru i vaare Hjarto, at dat er ein Gud yver oſs, ſom ſtyrer alt, og at Kunnſkapen um hans Gjerningar i Naturi lyſter oſs Stig fyre Stig fraa dan materielle Heimen upp i dan moralſke. Paa denne Maaten tora me ſegja, at Vitenſkap og Religion ero Syſtkin.

Her heima.

Ingen Stad eg kann meg hyggja
so som heima, hjartaglad
vil eg her min Livsveg rydja
paa min kjære Fødestad.
Heima er no best at vera,
lat so andre vandra ut.
Her eg vil mi Livsgjerd gjera
baad' i Gleda og i Sut.

Sjeldan naadde til mitt Øyra
det, som gjorde meg so fjaag,
som naar Nokon let meg høyra,
at det vænaste, han saag,
var eit Land med Fjord og Øyar,
Fjell og Skog med Lauv og Bar,
sterke Menn og blide Møyar, —
daa eg viste, kvar dat var.

Aa, dat er so godt at raaka
paa eit Maal med heimleg Laat,
og det er so godt at spraaka
med eit Folk, som just fer aat,
som du sjølv var van at gjera;
du er likſom ingen rædd
der som Folk sin Bunad skjera
so som sjølv du gjenger klædd.

Og det er so godt at minnast
Bygd og Bol, som fyrst ein saag;
endaa tenkjer eg skal finnast
det, som gjorde Barnet sjaag. —
I det same Skardet syker
no som fyrr um Vetren Mjell,
yver same Stupet ryker
Fossen fraa det høge Fjell.

Vel eg veit, kvar Snjoen tøyar
fyrst i Bakken Aar fyr Aar,
vel eg veit, kvar Menn og Møyar
molda Aakren fyrst um Vaar,
vel eg veit, kvar Orren kurrar,
og kvar Heggen fyrst han spratt,

vel eg veit, kvar Bekken ſurrar
gjenom Urdi Dag og Natt.

Og um ſlikt no ſmaatt kann vera,
er det endaa ſtort fyr meg;
det i Sorg meg glad kann gjera,
naar det meg i Minnet dreg.
Og um andre helſt vil ſkryta
av ei rik og større Verd,
nei, eg vil 'kje med deim byta
Heimen min, han er ſo kjær.

Hans Mo.

Fyre Minnesmerket aat Harald haarfagre.

Tale i Vestmannalaget av Henrik Krohn.

Gode norske Menner og Kvende! I Noregs Namn, i Namnet av dan Kjærleiken, som me alle hava til vaart kjære Fedraland, helsa me kvarandre velkomne til.

Minnet etter dan store Kong Harald er Merket, som me i Dag samnast innunder. Likasom Hermannen i Strid ser fram mot dat blakrande Merket fremst i Fylkingen og med Eldhug fylgjer etter mot dat Maalet, som Merkesmannen stemner fram til, soleides skal ogso Minnet um dan haarfagre Harald, vaar national-politiske Fyregangsmann, kvessa vaar Eldhug til Noreg og driva oss fram til dat Maalet, som dan hugstore Nordmannshovdingen hadde fyre Augom og sette fram som eit Maal fyre alle gangande og komande Ætter, Maalet at gjera Noreg til eit samfelt, heilt og sterkt Rike.

Hauſt etter Hauſt heve Gras og Blom folnat paa Haraldshaugen; tuſund Vettrar hava faret yver Kongsgravi med Fok og Driv, men Minnet etter dan hauglagde Hovdingen, ſom lenge ſidan er vorden til Duft, liver endaa og ſkal liva, ſo lenge ſom Nordmenner med varmt Hjartelag alaſt i Noreg. Ja, di reinare og ſterkare Nationalkjenſla og Aalmannhugen er i Folket, di kraftugare ſkal hans Tanke røtaſt, di høgre ſkal hans Minne ſtanda.

Dat vil alltid vera eit godt Merke paa dan nationale Livskraft hjaa Folket vaart, um Haralds Minne verd haldet i Æra. Godt og vel være dat, um me i rett Ande og Sanning vilde gjera hans Tanke til vaar eigen, um kvar norſk Mann og Kvinna vilde koma i Hug Harald og Gjerdi hans og darmed reiſa honom eit uforgjengelegt Minnesmerke i ſine eigne Hjarto.

Med Konung Haralds Saga byrjar Noregs Saga at vera Saga um eitt ſamfellt Folk. Og hans daadrike Tid er vel eit fagert Upphav til ei Folkeſaga. Karsleg, poetiſk og ſtortenkt ſtig han fram fyre Augo vaare. Sterkt og ſtyrkjande ſom dan ſtaute Konungen ſjølv talar hans Minne til

ofs; glimande som Glansen av hans gule Haar lyser hans raadrike Liv fraa Sagatavla. Dat er som eit lystelegt Laug fyre Nationalkjensla og Fedralandselsken at sekkja seg ned i Segnerna um hans lange, mergfulle Livsgjerning.

Eg nemnde Fedralandselsken. Men hava me i Røyndi Rett til at nemna dan rette Fedralandselsken i Samband med Harald, dan framfuse Hervinnar, som tradkade Retten til andre under Fot, han som med sitt harde Hermannsvelde gjorde dat utolande fyre Menner med personleg Fridomshug at verda verande i Landet? Var inkje han myket meir Egoisten, som fyrst og fremst gjekk sine eigne Ærender og brydde seg mindre um Folkfens Velferd? Visseleg var han ingen Demokrat. Men dat var helder inkje Spursmaal etter Demokraten i dei Dagar. Me maa vel vara ofs fyre at mæla dei avlidne med dan Alni, som me leggja paa dei store Menner i vaar Tid. Kvar Tid heve sine Krav, og Harald lyt ein skoda paa i Ljoset av Saga, i Straalarne av hans eigi Tid. Og daa stend han som ein Framgangsmann med Framtidsyn, som hadde Fedralandsens Gagn og Styrke fremst i Augom.

Han saag skilet, korleides Fylkeskongarne sleit

kvarandre i sunder, korleides Bygdepolitiken vilde gnaga Magt og Merg or Folkeroti. Han saag kor naudsynlegt dat var, at samfella dat sunderskilde norske Folket, og nokor onnor Vis en at sambinda Riket under ei Høvdingskruna var i dei Dagar inkje tenkjande. Konungskapen elder Kongedømet høvde til Folkemeiningen og dan heile Samfundsande.

Og Maaten, som Konung Harald fullførde sin Tanke paa, syner inkje einaste hans Flogvit og Hermannsdugleike, men ogso i mange Stykke hans Vilje til at verja um alt dat, som var stort og gildt, og som kunde vera til Landsens Gagn og Framvokster. Me sjaa honom gjerna draga dei Menner til seg, som kunde vera Landet til Pryda og Styrke. Dei Menner, som kunde taka ved hans store Tanke, at samna Noregs Folk til eitt, vardt hans Raadgjevarar og veltrudde Viner. Midt i hans harde og framfuse Aatferd sjaa me mange Døme paa hans Mannamilde og jamvel Hugverk yver at han laut fara hardt fram mot sitt store Maal. Eg vil her berre minna um Ordi hans ved Liket til dan gjæve Torolf Kveldulfsson, som han laut fella av di han mistrudde honom, at han foor med Svikraad mot Sambindingstanken. Etter at han hadde bodet sine

Menner at fli vel um Liket hans Torolf og syna dat all sømeleg Æra, segjer han hugsaar: Skadi mikill er eptir menn slika.

Ja som alle store Menner hadde han Byrdnad og Vit paa dat, som stort og gildt var, likasom han ogso vel viste at gjeva dat smaa og uvigtuge sin rette Stad. Dan Maaten, som hans Sambindingstanke fyrst kjem fram paa i Saga, uppklaarar med nokre faae Ord hans stortenkte Huglynde. Segni um hans djerve Lovnad, at korkje vilja kjemba elder skjera sitt Haar fyrr Noreg var vorden samfelt til eit Rike, er ei god og greid Lysing um, at han var ein slik Ideens Mann, som vilde skuva dat smaae, personlege til Sida, til deis dat store, dat aalmenne var fullført. Dat er fulla poetisk tiltalande at koma i Hug dan unge, haarfagre Konungen. Me kunna tenkja ois, at han ofta under dan harde Strid og Motstand fekk Hug til at snu seg ifraa si store Gjerning og lata seg lita med dat, som vunnet var, men aldri so litet snur han paa Hovudet, fyrr Haaret slær honom i Synet, minner honom um hans Lovnad, og maner honom til at halda fram som han stemnde mot Maalet; og fyrst naar Maalet er

naatt og Gjerdi fullførd, fær Ragnvald Jarl skjera Haaret hans. Fyrst dat store og sidan dat smaae.

Denne Sida av Huglyndet hans Harald er dat godt at halda fram fyre Augo i vaar Tid og inkje minst i vaart Land. Elder er dat inkje altfor myket so, at vaar eigen Kropp, vaart Hus, vaar Bunad og alle vaare eigne Smaating vel myket fyller vaar Tanke og vaar Hug? Ligg inkje Umhugen, hjaa dan eine med hans Aakrar, hjaa dan andre med hans Kjøpmannskap seg ofta i Vegen fyre Aalmannhugen og hindrar dan rette Fedralandskjærleiken fraa at veksa sin rette Vokstr, so som dat høver hjaa eit Folk, som kallar seg fritt? Er inkje Offerviljen og Umhugen med dei store nationale Krav helder lat og treg, her som jamvel Folk slengja Fanteord etter dan Mannen, som er national av Huglynde, og han, som vil halda dei gamle Minni i Æra og agta um dei beste Ættarmerke i Maal og Sed, snarare fær Last en Lov? Vaart eiget Riksstyre, som fulla skulde vera Talsmann fyre dan sokallade upplyste Folkeluten, heve sjølv boret Vitnemaalet. Ja, er inkje dan kalde Maaten, som just Tanken um at reisa Minnesmerke paa Haraldshaugen er motteken med av Aalmenningen baade i By

og Bygd, er inkje detta beint fram eit Merke paa, at Medhugen med dei store nationale Krav er litet livande?

Tanken um at reisa eit Merke paa Gravi til vaar national-politiske Fyregangsmann, Ættfaderen til dan gildaste Kongsætti, skulde vera ein kjær Folketanke. Tusundaaarsdagen etter vaar folkelege Samanbinding skulde vera oss alle ein kjær Helgadag, som heile Folket skulde gjera sitt til at gjera so fager og høgtideleg som mogleg, og som skulde mana oss til at stemna fram i dat Faret, som Harald fyrst brøytte, og fullføra dan Bygningen, som han fyrst rudde Tufti til.

Og aldri heve vel nokor Tid manat til større Samhelde en dan noverande. Naar me sjaa paa dat store og rike Folket, som no ligg nedslengt aat Marki og vrid seg i dei stuggaste Rider av innbyrdes Sundertykke, so kunna me læra kor naudsynlegt dat er at vera vake medan Tid er og i Freden at ala fram dan Fedralandshugen og dat Samheldet, som einaste kann frelsa i Faarestundi, som eine er i Stand til at hindra Folket fraa at sunderskiljast og kastast i Koll naar Stridsluren læter.

Men til at kvessa og styrkja Nationalkjensla

og sambinda Landslyden er ingen Ting betre en dei historiske Minne. Dat Folket, som vantar Byrdnaden med si eigi Saga elder Samhugen med dei frøge Gjerningar til Forfedrom, dat Folket er nationalt sjukt, og Dauden er vis, soframt som Sjukdomen fær eta seg inn i Kjøt og Blod. Dei nationale Minne hava same Laget paa Folket, som Idunseplet hadde paa Gudarne. Solenge som Folket elskar og uppfødest med sine Minne, solenge vil dat hava sin ungdomsfriske Kraft, men naar Minni gløymast og kverva, daa leggst Aldren med sin Veikleike paa Folket og Dauden kjem sigande. Detta heve vaar Saga alt ein Gong lært oss, og dessverre bera me endaa opne Saar etter vaar nationale Vanhelsetid baade i Maal og Sed. At grøda deim skulde vera vaar fyrste Gjerning, at føra Helsebot til dan folkelege Magtløysa, kvessa og styrkja dan svevnuge Nationalhugen, vekkja Sansen fyre dei store Minne og alt sant og godt norskt, skulde vera kvar Nordmanns Maal og Merke.

Difyre er dat slik ei god, patriotisk Gjerning av Nemndi i Haugasund, som heve uppmanat oss til at koma i Hug eit av vaare største Minne og reisa eit sømelegt Minnesmerke paa Haraldshaugen.

Ein maa vona og tru, at dat meire er Tankeløysa en Hugløysa og Kaldlynde, som heve gjort, at dat endaa heve gjenget so tregt med denne national-naudsynlege Saki. Men fraa national Tankeløysa til national Hugløysa er dat vel berre eit einaste Stig, og dei ero Takk verd, dei som her hava gjenget i Brodden med Uppropet til dat norske Folket at agta paa si eigi nationale Velferd. Dat syner ogso kor naudsynlegt dat er og kvat Skort dat er paa dan rette historiske Sans, naar me stundom i denne Sak høyra Folk kalla dat urimelegt at setja Haraldsminnet i ein Avkrok, ved ein vesall Fiskar-plass o. s. f. Fyre dan rette Samheldstanken er ingen Stad av Landet Avkrok og allra minst Staden dar Harald haarfagre kviler. At centralisera alt gildt paa ein Stad, skal dessutan syna seg at vera til liten Bate fyre Aalmannhugen, medan darimot ingen Ting synest vera meir fruktberande fyre dan folkelege Samhugen og dan nationale Uppfostring, en at halda i Æra dei Stader i Landet, aust elder vest, nord elder sud, som hava historiskt Verde, som bera paa historiske Minne.

Og ein slik Stad er Haraldshaugen, og dar lyt Kong Haralds Bautastein standa! Dat er fulla

inkje han, som treng um dette Merket; han heve sjølv sett seg eit Merke i Saga, som med leikande Ljoske skal lysa til ævelega Tider. Dat er som Skalden ein Gong skreiv:

Inkje tarv han, tenkjer eg,
Tavla paa Gravi,
Stein elder Stopel
med store Ord skriven.
Sjølv hev han sett seg
synlege Minne,
dei som visst mun vara
til Verdi øydest.

Nei dat er inkje han, som tarv nokon Bautastein, men dat er me, som sjølv turva syna, at me elska vaare Minne, at me lengta etter at drikka or vaar nationale Livskjelda, halda Vakt um vaart Idunseple. Dat er me, som Hand i Hand trenga til at flokkast um Haraldshaugen og Tanken, som knyteſt til honom.

Han er dat vel verd, at me letta vaart Hovud upp fraa vaart Dagstræv, og at me med Takksemd og gladt Hjarta bera fram vaart Offer paa Gravi. Minnet etter dan givmilde Konungen krev,

at me ein Augneblink sleppa Tanken paa Matstrævet og i Andi samnast kringum honom og halda vaar folkelege Fødsledag paa ein sømeleg Maate. Lat oss her koma i Hug, at Harald ogso kann vera oss til Fyredøme paa dan Visi, at me inkje maa sekkjast for djupt ned i Mattankar og materiel Daarskap. Dat fortelst i Saga, at dat einaste Lyte, som Harald hadde, var at han var helder knapp med Maten til sine Menner, han som elles var so givmild i alle Maatar. Han saag nok med sitt kvasse Auga dan nationale Udygd, som synest vera av myket gamall Dato, at me Nordmenner tenkja fælt myket paa Maten og Matverdet, nokot, som so lett kann skyggja fyre dei ideelle Krav.

Lat daa oss i eit og alt læra av hans Fyredøme, at me inkje spilla vaare høgre Fyremaal, at me inkje ganga so upp i Smaating og Kvardagsstrævet, at me sidstpaa gløyma kvat me ero skuldige slike Ting som Haraldshaugen og Tanken som er knytt til honom. Matstrævet kann inkje vera Maalet i Livet. Dan materielle Velmagt maa vyrdast som Hjelpemidel til at setja oss i Stand til at naa alt dat, som kann vera til Helsebot fyre vaar andlege Vokster, som kann fostra alle dei gode Kjenslor,

alle dei gode Krafter, som ei Menneskja kann eiga. Og av desse Krafter er Fedralandshugen og Samhugen med Landsmenner ei av dei mest fruktberande.

Me læra ogso av Saga, at dei störste og beste Menner gjenom alle Tider hava offrat si beste Kraft paa at kvessa Fedralandselsken og binda Folket isaman. Men naar Fedralandshugen var frisk, daa var dat ogso jamt ein Trong fyre Folket, at lata honom koma fram i Form paa ein synder Maate. Og at reisa sine store Menner Minne, er nokot av dat fyrste, som gjevst. Dat er baade fagert og foredlande og høvelegt fyre dan udaudelege Mannsslægti, at gjera so. Slike Minne ero vel lagade til at at halda Folkelivet og Nationalkjensla vake gjenom Tiderna, likasom dei bera Vitnemaal til Etterkomararne um, at Fedralandselsken, som reiste deim, var som han skulde vera.

Mangt eit fagert Kunstverk hjaa dei störste og gildaste Folkeferder ute i Heimen talar ogso sitt elektriserande Maal til dan livande Slægt. Saga fortel oss, at dat var i Folkens beste og kraftugaste Tid, at dei reistest, men ho fortel ogso, at naar Folket sjuknade av, daa let dat sine Minne forfarast

og siga i Grus, og daa — daa var dess Saga snøgt ute.

Lat oss lyda etter dan historiske Lærdom og taka etter dat gode, som Saga manar oss til. Lat oss med gladt Hjarta vera med og reisa Harald ein sømeleg Bautastein, som kann fortelja Etterkomararne, at hans Tanke var vorden vaar Livstanke, som me i Gjerning vilja strida fyre og føra fram til sin sanne Fullending. Naar me gjera kvat me kunna, so vil han som raader fyre alt leggja si Velsigning attaat.

Ute og heima.

Dan 16de Mai.

I sidste Heftet nemnde me som snøggaste, at dan tydsk-franske Ufreden vardt Orsaki til at dat verdslege Paveveldet tok Ende. Alt sidan dan franske Riks-Umstøyten i 1790 heve dat verdslege Paveveldet kvilt paa ustøde Føter og fleire Gonger voret rivet i Koll av dat franske Veldet. Dan fyrste Gongen var, daa dan franske General Berthier reis dat republikanske Fridomstreet paa Forum i Rom, Aar 1798. Han tok daa Riksstyret fraa Paven og lagde dat i Hender paa ein Styresflokk, som var i Hop sett av Consular, Senatorar og Tribunar etter franskt Mynster, og daa Romarfolket ei Stund baketter synteſt vilja laga seg til at frigjera seg fyre dan paatvungne Fridomen, so vardt dan graahærde Paven, Pius dan sette, førd til Frankrike. Han kom aldri heim atter, men døydde i Valence 1799. Nokre Dagar etter at han var avli-

den, vardt dat franske Veldet i Rom umstøytt og dan nykorne Paven, Pius dan sjaunde, kunde atter draga inn i Vatikanet.

Daa so dan fyrste Napoleon tok til at faa Magti som fyrste Consul, lagde han seg um at koma i Godlag med Paven, likson han i alt freistade med at faa eit Forlik i Stand millom gamalt og nytt. Han skynade vel kvat Styrkje dat vilde gjeva honom baade ute og heima, soframt han kunde sona Paven og Prestestapet. Han gav seg difyre til at samraadast med dan nye Paven, og detta førde til ei Semja (Concordat) millom deim dan 15de Juli 1801. Men Napoleon, som fulla sjølv personleg stod utanfyre Religion og Kyrkja, vilde berre bruka henne til Nytte fyre sine politiske Fyremaal. Daa han som Keisar tykteſt vera sterk nog, so bryddе han seg inkje lenger um Paven, naar han inkje vilde ganga hans Ærend. Daa Pius dan sjaunde inkje vilde lata seg truga til berre at vera ein Reidskap i Handi til dan franske Hovdingen, so tok Napoleon dat eine Fylket etter dat andre fraa Paveveldet, og daa Pius endaa inkje vilde retta seg etter honom, gjorde Napoleon fullkomeleg Ende paa dat verdslege Paveveldet ved eit Dekret elder Riksbrev, som

han sende ut fraa Schönbrunn dan 16de Mai 1809. Han let ogso samstundes Paven med Magt verda burtførd fraa Rom, lyste Cardinalarne utlæge og knytte Kyrkjeriket til dat franske Veldet. Paven lyste fulla Napoleon i Bann, men dan velduge Keisaren vyrde dat inkje meir en som Paven aldri til hadde voret. Fyrst daa Keisarstolen vardt umstøytt i 1814, vardt Paven fri atter, og dat verdslege Paveveldet uppreist aa nyo.

Fraa denne Tid, daa Reaktionen elder Attergangsmennerne sette Riksskipnaden i dat gamle Lag atter kringum i Europa, fekk ogso Paven i Rom sitja i Fred med sitt verdslege Velde alt til 1848, daa dan franske Umstøyten av Kongedømet kveikte Eld i Europa paa nytt Lag. Dan noverande Paven, Pius dan niande, sat alt detta Aaret paa Sankt Pedersstolen. Han var Framstigsmann og ein myket mild og folkeleg Mann i dan Tid, og han hadde jamvel gjenget i Brodden med frie og folkelege Umvølingar i Riksskipnaden. Han var difyre ogso myket avhalden av sitt Folk, som saag upp til honom med varm Kjærleike, alt til dess han inkje lenger vilde lyda paa Folkekravi, som han tykte vardt for stride og utoluge. Varmestraalarne fraa dan fran-

ſke Republiken kveikte ljoſe Logen i Italiamennerne, ſom alt paa Fyrehand vaaro uppglødde ved dei frie Umſkipingarne hans Pius, og daa Paven no inkje vilde medgjeva alt, ſom dan uſtyrlege Folkeſtraumen krov, ſo minkade Eldhugen fyre honom ſmaatt um Senn, alt til deſs dat tok dan ſtygge Enden, at Roſſi, Riksraaden hans, vardt ſvikmyrdt med ein Knivſtyng i Barken paa Troppi til Tinghuſet, paa dan ſame Staden, ſom Cæſar i Forntidi vardt drepen. Fraa denne Dag ſyneſt dat frilyndte Huglaget til Paven at hava vendt ſeg, og Ulaget med honom og Folket, ſom no vardt reint vilt i ſin Fridomsrus, endade med at Paven rømde fraa Rom, og at eit nyſkapt Folkething lyſte til i Februar 1849, at Paven inkje lenger ſkulde raada yver nokot verdslegt Velde. Fyrr var dat Franſkmannen, ſom hadde freiſtat med at tyna Paveveldet, no var dat Italiamennerne ſjølve. Men helder inkje denne Gongen vardt dat til nokor Vedvaring med Umſtøyten, og dan ſom no gjorde meſt til detta var juſt Franſkmannen. Han ſende ein Her til Rom, ſom ſkulde kuga Uppreiſten dar og ſetja inn atter Paven. Dat vardt eit hardt Baſketak, fyrr dei vann paa Uppreiſiflokken, ſom varde ſeg djervt og mannlega un-

der Hovdingskapen hans Garibaldi; men sidstpaa laut han gjeva seg, og etter ein blodig Strid, som stod paa i fleire Maanadar, drog Fransmannen endeleg inn i Rom dan 3dje Juli 1849. Paven kom likavel inkje tilbaka, fyrr i April 1850. Sidan dan Tid heve franske Hermenner haldet dat verdslege Paveveldet uppe alt til i Haust, nokot som heve gjort Fransmannen mislikat hjaa Italiafolket, som heve ynskt Ende paa Paveriket av di dat stod imot Fullføringi av dan italiske Einskapen og var til Hinder fyre, at dat gamle, ærverdige Rom atter kunde verda Hovudstaden i Italia, so som Folkeynskjet i seinare Tid heve kravt alt sterkare og sterkare. Dat er i dat Heile likt til, at Frankrike heve voret helder uklok i sin Politik mot Italia. Etter dan fyrste franske Umstøyten foor Napoleon og dei franske Herarne fram mot Italia paa dan mest krenkjande Maaten, likasom ein lyt segja um Fransmannen, naar ein læs Soga rett, at han heve svivyrdt dei nationale Krav hjaa andre Landslydar verre en nokot annat Folk. Naar dat berre syntest gjeva Ljoske til dan franske gloire, so laut andre Folk og Retten deira tradkast under Fot. Naar dat høvde med dan franske Politiken at lyfta

Paven or Sessen sin, so vardt han avsett, og naar dat synteſt betre høva, at lata honom ſitja, daa laut franſke Hermenner ſtydja dan morkne Paveſtolen. Saga, Folkelynde og ſamſtavande Livskrav ſkulde gjera dat franſke Folket og Italiafolket til gode Viner, men dan franſke Politiken heve anten voret for ſjølvkjær elder for uſtød, til at dat kunde alaſt fram nokon rett Vinſkap paa Italia ſi Sida. Frankrike heve fulla paa ein viſs Maate hjelpt Italia fram til kvat dat no er, darved at dat fylkte ſine Herar jamſides med dei italiſke og ſlogſt med deim i Striden mot Auſtrike, men daa dat ſkulde halda fram mot dat Maalet, ſom Italiamennerne hadde fyre Augo og ſom Pruſsland ſeinare i Striden med Auſtrike hjelpte deim til at naa, daa ſnudde Frankrike paa Halvvegen og fekk i Stand Zürickarfreden, ſom ſtengde dat kjære Venedig ute fraa Italia. Juſt daa Napoleon hadde Tilføret til at vinna Folkſens Takkſemd og Kjærleike, foor han ſo aat, at dat vardt til Misnøgje og Harme. Likaeins med Paveveldet. At Franſkmannen i ſeinare Tid heldt detta uppe og ſoleides var Orſaki til, at Italia framleides var likſom kløyvd i tvo Luter, detta kunde inkje annat en ala fram Hat og Misnøgje,

og dat var difyre inkje at undraſt paa, at heile Folket helder ſaag med Gleda en med Sorg paa, at Tydſkararne dengde Franſkmannen i Striden i Fjor, for darmed ſo fekk Italia paa ein Maate frie Hender til at draga inn i Rom og gjera ein Ende paa Paveveldet, ſom ſtod i Vegen fyre dan nationale Lengſel etter eit ſamfelt og ſtort Rike. At Kravet um, at Paven ſkulde ſleppa ſitt verdslege Velde, hadde ſi Rot i Almennhugen i Italia, ſynte ſeg greidt nog paa dan Maaten, ſom Tingen vardt fullført paa, og Frankrike, ſom fulla kjende til Folkehugen i Italia, ſkulde hava voret ſo fyrevis, inkje at blanda ſeg upp i Paveſpurſmaalet paa dan Maaten, ſom gjort var. Franſkmannen hadde i ſeinare Aari Striden med Tydſkland ſtendigt fyre Augo, og daa ſkulde han hava ſtelt ſeg ſo, at han kunde havt Italia til Vin og Hjelpesmann og inkje ſo at dat motſette helder vardt Tilfellet.

Daa Italia tok til med at herbua ſeg etter at Ufreden var byrjad dei franſke og tydſke imillom, ſo trudde Folk, at dat helſt var fyre di dat vilde verda ført til at ſenda Hjelp til Frankrike. Men paa dei Tider, daa Slaget ved Sedan til Gagns hadde magtſtolet Frankrike, fekk ein ſjaa, kvat dat

var dan italiske Stjorni vilde, og at dat berre var eit sovordet Tilføre ho bidde paa, til at gjera Ende paa dat verdslege Paveveldet. Dan 10de September gav Kong Viktor Emanuel Bod til Heren sin, at han skulde draga inn i Kyrkjeriket til Paven, nokot, som han no hugheilt kunde gjera, daa Frankrike hadde annat at tenkja paa en at hindra honom. Og no synte dat seg greidt nog, at dat hadde heile Aalmenningen med seg, og at Paveveldet var eit unaturlegt Velde, som berre vardt uppehaldet av franske Bajonettar. Heren til Viktor Emanuel vardt fagnad med Gleda og Gaman kvar han kom, og dan 21 September stod han alt utanfyre dan gamle Hovudstaden til Pavarne, som hava setet her i Aarhundrad og stundom havt Taumarne til mest heile dan europæiske Politiken i si Hand. Fyre Sankt Pedersstolen hava dei megtugaste Kongar og Keisarar lotet knebøygja, naar dei hadde eitkvart stort politiskt Fyremaal, som dei vilde fremja, og illa saag dat jamnaste ut fyre dan Hovdingen, som vilde traassa Paven. Men slikt Umskifte var dat no vordet med detta gjenom Tiderna, at Paven sitt eiget Herredøme no berre kunde uppehaldast ved franske Hermenner i hans eigen Hovudstad. Og

daa Heren hans Viktor Emanuel synte seg utanfyre Muraine til Paveſtaden, so vardt dat baade til Gaman og Fagnad innanfyre. Halvsette Time etter at dat fyrste Skot var losnat, blakrade dan kvite Fanen fraa Taarnkvelven paa Peterskyrkja og bar Bod fraa Pius dan niande, at han, Ettermannen til deim, som ein Gong hadde Yverveldet yver dan heile Kriſtneheimen i si Hand, no bad um Fred og Frelse. Dan pavelege Heren varde seg veikt og ukarslegt, som ventande, naar ein skal slaa fyre ei Sak, som ein paa Fyrehand kann segja er tapt; og endaa medan Striden stod paa, hadde dar samnaſt Flokkar av Borgarar inn i Staden, som drog igjenom Gatorna og ropade: Live Italia! Live Viktor Emanuel! Ned med Preſtehovdingskapen! Folkeflokkarne tok jamvel Vaapni fraa dei pavelege Soldatar, og endaa fyrr Kongsmennerne vaaro innkomne i Staden, vardt dat tri-litade Fridomsmerket reist paa Kapitolium, medan dar samstundes vardt haldet ein Tale og Folket sette i med ljomande Fagnadrop, som ingen Ende vilde taka, daa Kongsmennerne same Dagen drogo inn i Hovedstaden til Italia. Dat same var ogso Tilfellet, daa Konungen sjolv ved

Utgangen av Aaret drog inn i Staden, dar hans framtidige Kongssæte no skulde vera.

Soleides tok dat Ende med Paven sitt verdslege Velde, som trulege aldri meire kjem til at reisast uppatter. Dat var inkje no nokon Napoleon, som sjølvraaden sette Paven av, men dat var sjølve Folketanken, som krov dat, og Folkeviljen, som fullførde dat. Og av dei diplomatiske Rikspapir kann ein sjaa, at alle europæiske Riksstyre utan Harme hava voret Vitne til denne merkelege Tilburden i Heimsens Saga, og sume av deim hava beint fram lagt si Gleda i Dagen yver at denne Floken no er utgreidd. Pavevеldet var daudadømt, og dat ser mest ut som flirande Spott av Lagnaden, at dan katolske Presteskapen nokre Maanader fyreaat heve vedteket og tillyst, at Paven er ufeilande. Saga fortel ofs nokot annat. Ho fortel, at dat gamle Pavedømet heve voret myket feilande, og at dan Enden, som dat no tok med dat, hadde sin Grunn i dess eigi range Aatferd og kunstige Tilskaping. Dat heve stutt seg til Faakunna, Ovtru, andelegt Hardstyre, verdslege Vaapn og religiøs Vilmannskap. Dat laut difyre smaatt um Senn tapa si Magt med kvart som Upplysningi tok til at spreida

sine Straalar i dat andlege Myrkret, og Mannstanken tok til at skilja betre millom likt og ulikt, millom andelegt og verdslegt, millom dat som rettelege høyrer Gudstrui og Religioni til, og dat som ligg utanfyre. Dat heve dessverre voret til stor Skade fyre dat sanne religiøse Livet, at Pavedømet heve blandat alt um kvartannat, og boret sine range Dogmer elder Læresetningar ut og lagt deim med Tvang inn i dei truande Hjarto, som paa dan Visi freistast til at taka Mistru til alt og siga ned i fullkomi Gudløysa, naar dei faa opne Augo fyre Ranglæra og andeleg Svik, dar som dei trudde var Visdom og Sannleikje at søkja. Me sjaa altfor myket talande Døme paa detta i dei katolske Land no um Dagarne. Dat maa difyre vera til Gleda fyre kvar dan, som ynskjer Gudstrui Trivsel, at Pavedømet er avklædt si verdslege Kaapa; ein kann hava Von um, at paa denne Visi vil dan katolske Kyrkja drivast inn atter paa sitt rette Far, tvingast til at retta dat som rangt er, og i Ande og Sanning hjelpa fram dan sanne Gudsotte og dat rette religiøse Liv. Me sjaa vel endaa altfor myket, at dan katolske Presteskapen, som heve Magti i Kyrkja, strider imot alt dat han kann, me saag soleides ny-

lege, at Erkebispen i Bayern, Scherr i Mynchen, heve exkommunicerat Stiftsprovsten Döllinger elder neitat honom at ganga til Gudsbordet, fyre di han heve motmælt Dogmet um, at Paven er ufeilande, og Paven heve lyst honom i Ban fyre dat same. Men me sjaa ogso, at av 62 katolske Profesorar ero 45 samde med Döllinger, og at ei heil Horg med Vitenskapsmenner og Teologar halda med honom. Me sjaa mange nidkjære og namngjetne Katolikar reisa Motmæle mot dat andelege Hardstyret i Kyrkja allstad kringum, og vonlege lid dat no til Enden paa dan dogmatiserande Tidi, daa Kristendomen heve voret innsnørd i ei Tvangstrøya av daude Læresetningar, han som skulde vera ei Livsens Kraft til Liv, soleides som han ogso avspeglast fyre oss i dat einfalde Gudsordet, Evangilja, Visdomsordet, som jamvel heve voret forbodi Frukt fyre Folket i dan katolske Kyrkja. Og naar Paven i Rom, Meistaren fyre alle Dogmatikarar, er avklædd sin range Hovdingskap, naar han fraa dan glimande Sessen, som er uppbygd av tilranad Magt og urettvise Midlar, er flutt til dan prunklause Sessen, som heve sin Grunn og Studningsstolpe i dan sanne Kristendomen, daa kann dat vera Von

um, at dei mange Smaapavar baade i dan eine og dan andre Kyrkja, baade ute og heima, ogso drivast inn paa ei betre Leid. Dei, som hava styrt med Kyrkja til denne Dag, hava lenge nog ved at grava seg ned i Skrifttolkningar gløymt Livet fyre Bokstaven, og hindrat Gudstrui og Kristendomen fraa at veksa seg sterk, so at han midt i dat livande Livet kann vera dan Kraft, som giv Styrkjen til dan stridande Kristnekyrkja, og hjelper henne baade mot Vantru og Ovtru, baade mot Faakunna og Kunnskaps Storlætet. At Enden paa Paveveldet i denne Meining vil verda til Styrkje fyre dan katolske Kyrkja, dat vona me, likasom at dat sidstpaa ogso vil hava ein velgjerande Verknad paa dei protestantiske Kyrkjor, som i Vissa helder inkje ero frie fyre Pavedøme paa sin Maate. Difyre kunna alle, som ynskja Kyrkja og Kristendomen dan sanne Styrkje, helsa Nedlaget av dat verdslege Paveveldet som ein likaso gledeleg Tilburd, som dat i historisk Meining er eit av dei største Umbrøyte, som heve hendt i Kristneheimen.

I Fjor Sumar vardt dat her i Bjørgvin ſkipat eit Lag, „det islandſke Handelsſamlag", ſom vonlege vil hava ſitt ſtore Gagn baade fyre Noreg og Island og vera dat beſte innleidande Hjelpemidel til at faa i Lag atter dat ſunderſlitne Samband millom dei tvau Frendefolk, me kunna gjerna ſegja Landsmenner. Dat var eit grøtelegt Merke paa, kor djupt me Nordmenner vaaro nedſigne i national Umegd og Tankeløyſa, daa me i 1814 inkje kom i Hug vaare islendſke Brøder. Dat finſt inkje ein Gong dat ringaſte Teikn til, at dat var ein einaſte Mann i Noreg paa dan Tid, ſom minteſt Landet, dar Snorre var boren, dar Skaldſkap og Sagaſkriving heve ſkapt vaare beſte nationale Skattar, og dar vaart gamle Maal endaa livde i dan reinaſte og eldſte Form. Dat er inkje lyſtelegt at koma i Hug, at dar inkje millom norſke Menner fanſt ein einaſte, ſom hadde Island og Færøyarne i Tanke og ſom kunde nemna Ordet i Noregs Tingſal. Lett hadde dat voret paa dan Tid, at faa Saki utgreid og i ſitt rette hiſtoriſke Lag, og me ljota alltid med Skam hugſa, at dat er vaar eigi Skuld, at vaare kjære islendſke Brøder, og Færøyingarne med, no liggja lausſlitne fraa ſitt gamle Moderland, rekande

fyre dat danske Godtykkje. Me kjenna alle til, korleides Danerne kunna fara aat mot deim, som ero komne i deira Vald, og dessverre sjaa me i dei sidste Dagar fraa deira Aatferd mot Island nytt Vitnemaal um, at dei endaa ingen Ting hava lært, men fara fram paa same ukloke og krenkjande Maaten, som dei jamt hava gjort. Dei halda no paa med at vilja tvinga ein Riksskipnad inn paa Islendingarne, som er dat islendske Folket imot, og som visseleg vilde føra dat meir i Danmarks politiske Vald, en dat heve voret nokot Sinn fyreaat, og dessverre er dat Danmarks folkekorne Tingmenner, som hava vedteket denne Aatferd. Dat er dat danske Folketing, som heve gjort i Stand dan nye Riksskipnad, som greidt nog vanvyrder Islands nationale Rett og Fridom. Dat ser soleides ut til tunge Dagar fyre Island, soframt dat skal ganga i dette Faret og Islendingarne skulo stola paa seg sjølve eine. Vissinog vil dan beste Verja og Styrke fyre Island vera, at Islendingarne seg imillom no halda traust isaman og standa stødt paa sin nationale Rett, og me høyra med Fagnad, at Aalmenningen paa Island er buen til at sparka mot dei danske Aatgjerder alt dat han kann. Men dat er ogso vaar

Skylda at koma i Hug dan Legervoll, som vaare Brøder paa Island no ero komne i, at koma i Hug, at ogso me Nordmenner hava vaar Skuld i deira noverande Mødor ved vaar Gløymska i 1814. No er dat Tid, at me tenkja paa, um me inkje kunna gjera vaar Urett god atter paa einkvar Maaten, um dat so var ved beint fram at gjera Krav til dat danske Styret um at vera rettvist og sleppa sitt Velde yver dei norske Ættmenner i vaart gamle Sagaland. Eit sameinigt og greidt Folkekrav fraa Noreg vilde hava myket at segja, og dat maa vera eit vigtugt Fyremaal fyre kvar norskhyndt Mann i Landet, at arbeida fram ei Folkemeining og Medkjensla av dat nationale Andsvar, som me hava mot Island. Vonlege faa me ogso ein Gong Styresmenner med historisk Syn, som kunna bera Kravet fram paa høveleg Maate, og til dan Tid turfte Noregs Folk vera buet til at bera fram sin sameinige Medhug fyre Islands og vaar eigi Sak. Dat lyt ein Dag koma til eit Skiftemaal med Danmark, og dat vilde vera ein god Prøve Daner og Nordmenner imillom og hjelpa munarlegt til ogso at føra deira Samhavande i dat rette Faret og paa dan rette Fot. Dat er endaa myket ugreidt oss imillom, dat er

endaa langt til dess, at Danmark heve godkjent Noregs nationale Rett, Sermerke og Livsmid som sjølvstødugt Folk, og fyrr kann helder inkje dan rette Brorskap renna fram. Solenge som Danmark snarare ser med Spott og Storlæte en med Kjærleike paa „vaart nationale Strev" og læter att Øyro fyre vaare historiske Krav, solenge er dat reist ein ubrøyteleg Skilgard oss imillom. Imedan faa me arbeida paa vaart, so at me kunna naa vaare nationale Fyremaal, og til deim høyrer Sambandet millom Noreg og Island.

Og, som me sagde fremst i Stykket, til at naa dette Fyremaalet vil „det islandske Handelssamlag" vonlege verda eit godt Hjelpemidel. Dat heve alt voret Upphavet til di, at her no koma ymse Islendingar til Bjørgvin farande likssom i gamle Dagar, alt i Aar fleire en i Fjor, og „Island" og „Islending" er ein Laat, som alt læter godt og heimelegt i vaare Øyro. Skip etter Skip tek til at sigla Leidi hans Ingolf og Skallagrim Landa millom. I Fjor foor dat tvau Seglskip og eit Eimskip att og fram med Varor, i Aar hava try alt siglt og try buast no til at sigla i denne Maanad fyre Samlagets Rekning. Hjaa Islendin-

garne raader eit aalment Ynskje um at koma i Handel med Nordmannen, og ingen Ting kann helder vera meir naturlegt i seg sjølv en ein slik Samhandel. Me liggja Island nærre en Danmark gjerer, likasovel i Romet, som i national Meining. Saga, Folkelynde, Livsvilkor, Næringsvegjer er so samstavande, som dat næstan vera kann, og naar me møtast her i Staden, me og Islendingarne, so kjenna me oss ogso som Landsmenner paa ymsekvar Sida. So langt ero me soleides alt no komne, og til detta heve dat islendske Handelssamlaget voret Hjelpemidelet. Dat er eit godt praktiskt Upphav til at naa dat Endemaalet, som lyt verda naatt, seint elder tidlege. Kvar dan kvite Siglar elder kvart frøsande Eimskip, som stemner inn og ut Byfjorden paa Vegen til og fraa Island, er som ei ny Fjøl i dan Brui, som skal sambinda oss atter traust og stendigt. Med kvar Islending, som stig i Land paa Noregsstrandi, verd dat tvunnet liksom ein ny Traad inn i dat Bandet, som løysteſt i vaare nationale Vanhelsedagar; i dan uspilde Nordmannatunga til Islendingarne skal dat liggja ei manande Magt fyre oss Noregsmenner; dei skulo med Maalet sitt kvessa oss til national Framgang, likasom dei gamle islendske Skaldar med sine Kvæde kveste dei gamle Høvdingar og Hyrdmenner til Stordaad. Ja dei skulo i Vissa leggja Styrke inn i vaart Arbeide med at fremja Nordmannskapen, til Gagn fyre alt, som er av norrøn Ætt. Difyre maa ogso kvar god Nordmann ynskja Lukka med „det islandske Handelssamlag", som praktiskt og greidt Hjelpemidel til at føra alt i sitt rette Far.

H. K.